




Eivind Skogen

Allmugens kanal til sentralmakta

Ei undersøking av supplikkmaterialet til
Herredagen i Bergen 1631

Masteroppgåve i Lektorutdanninga i Historie
Veileder: Magne Njåstad
Trondheim, mai 2016



NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier

Eivind Skogen

Allmugens kanal til sentralmakta

Ei undersøking av supplikkmaterialet til
Herredagen i Bergen 1631

Masteroppgåve i Lektorutdanninga i Historie
Veileder: Magne Njåstad
Trondheim, mai 2016

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske studier



Forord

Denne oppgåva vart til med bakgrunn i min lektorutdanning i historie. Som avslutning på 5-års skulegang ved NTNU skulle masteroppgåva fullføre utdanninga og gjere oss forberedt på arbeidslivet. Som lærar i historie har det vore nyttig å gjennomføre eit større arbeid som masteroppgåva er. Ved å utføre eit forskingsarbeid lærte eg å behandle eldre kjeldekode, forstå meg i ei historisk periode, samt å utføre eit større sjølvstendig arbeid. Denne kunnskapen blir naturleg å dra med seg inn i læraryrket, der kjeldekritikk, historiebevisstheit og eigeninteresse for faget er viktig. Eg håper å kunne dra nytte av masterarbeidet gjennom ulike undervisningsopplegg i skulen. Der vil truleg kunnskapen frå masterarbeidet ligge til grunn for vidareføring av arbeid med historisk materiale til framtidas elevar.

I arbeidet med masteroppgåva er det naturleg å takke Magne Njåstad for fantastisk god veiledning det siste skuleåret. Heilt frå starten har Magne vore interessert i oppgåva, fleksibel i forhold til veiledningstid og komme med gode innspel undervegs. Både i arbeidet med kjeldane og bakgrunnskunnskapen har Magne vore til stor hjelp. Eg har vore svært heldig med både emne og veileder for mi oppgåve. Framdrifta og den heilhetlege prosessen har vore mykje lettare med god veiledning undervegs, og Magne har brukta både av arbeidstid og fritid for at eg skulle få best mogleg oppfølging. Tusen takk Magne Njåstad!

Det er fleire som fortener ein takk for mitt arbeid med masteroppgåva. Først vil eg takke min sambuar Mari, som alltid er til støtte for meg. Du har letta både humøret og arbeidet med masteroppgåva det siste året. Vidare er det naturleg å takke medstudentane på mastersallassen. Takk for flotte studieår på lektorutdanninga. Eg har sett stor pris på både dei faglege samtalane undervegs, og kanskje mest av alt dei ikkje-faglege. Arbeidet med masteroppgåva har alt i alt vore ein trivleg prosess grunna personane eg har rundt meg i dagleglivet.

Eivind Skogen

Trondheim 29.04.2016

Innhald

| | |
|---|----|
| Kapittel 1. Herredagen 1631 | 1 |
| 1.1 Innleiing..... | 1 |
| 1.2 Problemstilling og avgrensning | 3 |
| 1.3 Kjeldematerialet..... | 4 |
| 1.3.1 Innhaldet i supplikkmaterialet til Herredagen i Bergen 1631 | 5 |
| 1.3.2 Utfordringar med kjeldematerialet..... | 6 |
| Kapittel 2. Historiografi og bakgrunnshistorie..... | 9 |
| 2.1 Interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge..... | 9 |
| 2.2 Supplikkinstitusjonen | 15 |
| Kapittel 3. Embetsmenn | 21 |
| 3.1 Fogden | 21 |
| 3.1.1 Baltser Karre | 25 |
| 3.2 Lagmenn | 26 |
| 3.2.1 Mikel Hansson | 27 |
| 3.3 Ombodsmenn..... | 27 |
| 3.4 Andre embetsmenn | 28 |
| 3.5 Oppsummering embetsmenn | 29 |
| Kapittel 4. Statens krav | 31 |
| 4.1 Skatter og avgifter | 31 |
| 4.2 Pliktarbeid..... | 34 |
| 4.3 Militære tenester | 37 |
| 4.4 Oppsummering statens krav | 38 |
| Kapittel 5. Andre saksforhold | 41 |
| 5.1 Eigedom..... | 41 |
| 5.2 Økonomiske privileger | 43 |
| 5.3 Betaling..... | 46 |
| 5.4 Lovbrot | 48 |
| 5.5 Andre saker..... | 50 |
| 5.6 Oppsummering andre saksforhold..... | 50 |
| Kapittel 6. Avslutning | 53 |

Kapittel 1. Herredagen 1631

1.1 Innleiing

Sommaren 1631 var det haldt herredag i Bergen. Den norske herredagen var dåtidas høgste rettsinstans. Frå starten av 1600-talet hadde den norske herredagen vorte avhalde kvart tredje år, og var sentralmaktas kanal til å føre forhandlingar med allmugen i Norge. Herredagen var ein viktig instans både for sentralmakta og for det norske folket. Ved at lokalsamfunn og enkeltpersonar hadde moglegheit til å sende inn klagar til dåtidas høgsterett, fekk og sentralmakta viktig informasjon om deira styring av landet, og kva utfordringar folk stod ovanfor. Herredagen var ikkje berre den høgste rettsinstansen, men også appelldomstol. Dette gjorde at det i tillegg til klagane vart innsendt fleire ulike bøner om gjenopptaking av saker som hadde vore behandla tidlegare. Utsendingane til Herredagen i Bergen 1631 var den norske kanslaren Jens Bjelke, Kristoffer Urne, Jens Juel og Kristoffer Ulfeldt.¹

Denne oppgåva skal ta for seg interaksjonen mellom allmuge og sentralmakt på 1600-talet. Eg skal bruke supplikkmaterialet til Herredagen i Bergen 1631 for å sjå på moglegheita nordmenn hadde til å klage over ulike forhold i perioden. Supplikkinstitusjonen var ein lovleg kanal for folk å nå fram til styresmakta, og kan difor brukast til å fortelja noko om rettskulturen i Norge rundt år 1630. Kva var innhaldet i supplikkane? Kven sendte supplikkane? Kva vart etterspelet av Herredagen i 1631? Desse spørsmåla skal eg prøve å besvare i denne oppgåva, for vidare å kunne seie noko om interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge i Norge rundt år 1630.

Årsaken til at Herredagen i Bergen 1631 er av spesiell interesse, er grunna omfanget av supplikkane og etterspelet utover 1630-talet. I åra før Herredagen strømma det inn med klager frå heile landet, mange av dei svært omfattande og med mange saksforhold. Det store omfanget og mengda med supplikkar som kom inn til Herredagen, vitna om stor misnøye hjå

¹ Jens Bjelke var riksansklar i Norge frå 1614 til sin død og ein sentral person i styret av landet. Henta 22.04.16 frå: Norsk biografisk leksikon. *Jens Bjelke* https://nbl.snl.no/Jens_Bjelke Kristoffer Urne var ein dansk adelsmann som var statthaldar og lensherre på Akershus i perioden. Henta 22.04.16 frå: Norsk biografisk leksikon. *Christoffer Urne* https://nbl.snl.no/Christoffer_Urne Jens Juel var og dansk adelsmann og hadde tidlegare vore statthaldar og lensherre på Akershus. Henta 23.04.16 frå: Norsk biografisk leksikon. *Jens Juel* https://nbl.snl.no/Jens_Juel Kristoffer Ulfeldt var lensherre på Helsingborg og medlem av det danske riksrådet. Henta 15.03.2016 frå: Dansk biografisk leksikon. *Christoffer Ulfeldt* http://denstoredanske.dk/Dansk_Biografisk_Leksikon/Samfund,_jura_og_politik/Myndigheder_og_politisk_styre/Rigsr%C3%A5d/Christoffer_Ulfeldt

allmugen. At så mange klager kom heile vegen til Herredagen vitnar og om eit rettssystem som ikkje fungerte optimalt, samt manglar ved administrasjonssystemet i riket. Klagane og bønene viser at interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge var ein viktig del av styret i Norge-Danmark. Det var ein rettskultur i den norske befolkninga, og dei hadde ein open kanal for å henvende seg til sentralmakta gjennom supplikkinstitusjonen. At sentralmakta og maktkonsentrasjonen la til rette for kommunikasjon og samhandling med nordmenn, fortel noko om ønske om kontakt, og at supplikkinstitusjonen var eit viktig organ med ein funksjon for staten. Kongen og riksrådet ville at den norske befolkninga skulle ha ein lovleg kanal å uttrykke deira problem og ønske til sentralmakta. Det er likevel viktig å vere klar over at supplikkinstitusjonen var sterkt regulert frå staten si side. Dei ville ha kontroll på kva som kom inn, og det skulle vere til nytte for deira eigen administrasjon. Med andre ord hadde supplikkinstitusjonen eit klart formål for staten, og dei brukte den aktivt for å kanalisere uro inn i ein kontrollerbar instans.

Etterspelet til Herredagen i 1631 er også av spesiell interesse. Omfanget av supplikkane som vart innsendt, og innhaldet, gjorde sentralmakta oppmerksam på eigne svakheitar i styret av Norge. Av supplikkane som vart innsendt var det stor overvekt retta mot styresmakta. Klage på embetsmenn og ulike skattar og krav frå staten gjekk igjen i supplikkmaterialet som vart behandla under Herredagen i Bergen. Det gav sentralmakta innsikt i eigne svakheitar og avvik i deira administrasjon. Dette førte vidare til at det vart sett i gang eit større kommisjonsarbeid i åra etter 1631, for å undersøkje og dømme i ulike forhold rundt omkring i Norge.² Av kommisjonsarbeidet var Bjelkekommisjonen den viktigaste. Her fekk kanslar Jens Bjelke og lavadelmann Pros Knutsson i oppgåve å lede kommisjonen som skulle ta imot bondeklager frå allmugen. Dei skulle undersøkje og dømme i alle forholda med klagar retta mot fogdar og øvrige misforhold i Norge.³ Bjelkekommisjonen, og det andre kommisjonsarbeidet har vorte betrakta som viktige hendingar i norsk historie på 1600-talet.⁴ Det store kommisjonsarbeidet på 1630-talet og fokuset på misnøya blant allmugen gjer det spesielt interessant å undersøkje Herredagen i 1631.

² Ein kommisjon er eit offentleg særoppdrag. Norske ad hoc-kommisjonar i administrasjon og politikk vil seie eit utval, utnemnd av og for dansk-norske sentralmyndigheter, for å utføre spesialoppdrag i Norge. Henta frå: S. Imsen, «Norske ad hoc-kommisjoner i forvaltning og politikk under Christian IV» i S. Imsen og G. Sandvik (red.), *Hamarspor*, Oslo 1982: 131

³ H. A. Nissen, *Bondemotstand og Statsmodernisering*, Hovudoppgåve Trondheim 1996: 1

⁴ Sjå både Nissen 1996 og Imsen 1982

1.2 Problemstilling og avgrensing

Det overordna emne for mi masteroppgåve er interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge. Eg skal i denne oppgåva undersøkje moglegheita nordmenn hadde til å henvende seg til konge og sentralmakt på 1600-talet. Dette skal eg gjere gjennom å analysere supplikkmaterialet til Herredagen 1631 og bruke det som utgangspunkt for å drøfte allmugens klagemøgleheit på starten av 1600-talet. Innhaldet i supplikkmaterialet vil vere utgangspunktet for drøftinga, og kapitla vil difor ta utgangspunkt i innhaldet. Forutan innhaldet er det interessant å sjå på kven som klaga over ulike forhold. Spesielle geografiske funn og etterspelet av Herredagen i 1631 blir også relevant for mi oppgåve. Interessante funn vil bli drøfta undervegs av tidlegare forsking, både for å dra diskusjonen vidare, men også for å belyse funna frå supplikkmaterialet i eit større perspektiv. I konklusjonen skal eg prøve å løfte opp funna og drøfte mitt arbeid opp mot tidlegare forsking på emnet. Eg har difor valt tre spørsmål som eg skal prøve å få besvart i oppgåva.

Kva var innhaldet i supplikkane? Det er naturleg å sjå på kva som faktisk vart klaga på. Er det noko mønster i kva allmugen klaga på, og kva fortel det om problema til nordmennene som sendte supplikkane? Er klagane retta mot personlege forhold, eller meir direkte mot styret av Norge? Supplikkane vil også seie noko om problema til sentralmakta. Innhaldet vil difor gjenspeile både problema til allmugen, samt kva informasjon sentralmakta var interesserte i. Innhaldet vil vere skjelettet i oppgåva mi, og utgangspunkt for inndelinga av ulike drøftingskapittel.

Kven sendte supplikkane? Det er også interessant å sjå om det var individuelle eller kollektive supplikkar i kjeldematerialet til Herredagen i 1631. Om det var enkeltpersonar eller grupper fortel noko om rettskulturen, og korleis allmugen valte å henvende seg til sentralmakta. Forutan ei oversikt over kollektive versus individuelle klager, blir innhaldet sentralt. Ser ein eit mønster i kva grupper klaga på, og kva var innhaldet i dei individuelle klagane? I arbeidet med kven som sendte klagane blir det også naturlig å dra fram geografiske funn. Er det oppsamling av klagar frå ulike område, og kva kan eventuelt vere grunnlaget for dette?

Kva vart etterspelet av Herredagen i 1631? Om staten gjorde tiltak utover 1630-talet vil vere med å fortelje om klagane nådde fram, og om supplikkane vart teke på alvor. Det er tidlegare nemnd at supplikkane gav viktig informasjon til sentralmakta. Om denne informasjonen sette i gong prosessar utover 1630-talet vil difor bli interessant å undersøkje. Brukte sentralmakta informasjonen får Herredagen i 1631 til å gjere konkrete tiltak for å forbetre eigen administrasjon av Norge?

1.3 Kjeldematerialet

Kjeldane eg skal bruke er supplikkar sendt til Herredagen i Bergen 1631. Desse kjeldane er trykt i *Norske Herredags-Dombøger*, utgitt av Kjeldeskriptfondet.⁵ Til saman er det 61 trykte sider med kjeldematerial, der det er ti fullstendige supplikkar, som er nedskrive slik dei vart innsendt. Desse supplikkane er fordelt på 25 sider. Vidare er det 83 supplikkar fordelt på dei siste 36 sidene. Desse supplikkane er ikkje fullstendige, men innhaldet i kvar bøneskrift er kort oppsummert av kanselliet. Av dei 83 supplikkane er det gjeve svar på 75 av dei. Svaret er frå kommissærane og er skreve under kvar av supplikkane. Til slutt i kjeldematerialet er det åtte supplikkar som har vorte behandla, men ikkje gjeve svar på. Den store saksmengda av supplikkar til Herredagen i Bergen 1631, gjorde at eg berre ville bruke denne Herredagen som utgangspunkt for mi undersøking. Både med tanke på omfanget av sjølve Herredagen i Bergen, men og etterspelet i åra etter 1631 var dette kjeldematerialet spesielt interessant.⁶ Forutan hovudkjelda *Norske Herredags-Dombøger*, har også registerheftet til dombökene vorte brukt aktivt for å få oversikt over personane i kjeldematerialet.⁷

Innhaldet i Herredagen, som øverste rettsinstans i Norge i perioden, vil seie noko om kva klager og bøner som kom heilt til høgste hold i det norske rettssystemet. Ved at omfanget av supplikkmaterialet i 1631 var stort og variert, vil det kunne seie noko om forholdet mellom allmuge og sentralmakt i perioden, gjennom å sjå på kva saker som kom opp på Herredagen i Bergen. Desse sakene kan vere med å gjenspeile samtidas problem og utfordringar, både for

⁵ O Grønli (utg.), *Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1.-4.rekke*, Oslo 1966. Vidare i oppgåva vil eg bruke forkortinga «NHD Tillegg».

⁶ Både med tanke på kommisjonsarbeidet og ulike reformer i styringsapparatet i 1630-åra var Herredagen i Bergen i 1631 spesielt interessant. Sjå Imsen 1982 og S. Steen, *Det norske folks liv og historie*, Oslo 1935, om reformarbeidet på 1630-talet, og ikkje minst Nissen 1996, som tek for seg Bjelkekommisjonen i Trondheim i 1632.

⁷ O. Grønli (utg.), *Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1.-4.rekke, andre hefte*, Oslo 1972. Andre heftet er namneregister til *Norske Herredags-Dombøger* og har vorte brukt aktivt for å undersøkje kven personane i supplikkane er. Vidare i oppgåva vil eg bruke forkortinga «NHD Tillegg, andre hefte».

bondesamfunna, borgarskapet, samt for enkeltmenneske som sendte inn individuelle supplikkar. Gjennom å sjå på kjeldematerialet som ei heilheit, vil eg prøve å skape eit bilet over kva problem og utfordringar allmugen stod ovanfor rundt år 1630. Supplikkane som tek opp sentralmakta og klagar retta mot deira administrasjon, vil og kunne seie noko om kva utfordringar styresmaktene hadde. Forutan innhaldet i supplikkane vil det også vere interessant om ein kan finne forskjellar på kollektive/individuelle klager i kjeldematerialet, og om det er noko spesielle geografiske funn.

1.3.1 Innhaldet i supplikkmaterialet til Herredagen i Bergen 1631

Til Herredagen 1631 vart det innsendt 93 supplikkar. Av desse var 49 kollektive, mens 44 var individuelle supplikkar.⁸ Med andre ord var det ei ganske jamn fordeling mellom grupper og enkeltindivid som henvendte seg til sentralmakta. Supplikkane innehaldt ofte fleire saksforhold, og tok opp ulike emne i si bøn/klage. Dette gjorde at eg i arbeidet med kjeldematerialet måtte lage meg kategoriar for å plassere innhaldet i supplikkane. Spesielt dei kollektive klagane tok ofte opp fleire ulike saker i deira supplikkar. Det gjorde behovet stort for å systematisere og plassere dei ulike sakene. Eksempelvis kunne ei kollektiv klage ta opp både utførselen av ulike embete, klage på høge skatter og avgifter, samt å be om ulike handelsrettigheter. Eg har valt å dele inn kjeldematerialet mitt i tre delar, med eigne kategoriar om embetsmenn og statens krav. Til slutt kjem «andre saksforhold», som inneholder underkategoriar om eigedom, økonomiske privileger, betaling, lovbro og anna.

| Kategori | Antall supplikkar | Prosentdel av supplikkane |
|------------------------|-------------------|---------------------------|
| Embetsmenn | 36 | 38.7% |
| Statens krav | 34 | 36.5% |
| Andre saksforhold | 48 | 51.6% |
| -Eigedom | 12 | 12.9% |
| -Økonomiske privileger | 20 | 21.5% |
| -Betaling | 7 | 7.5% |
| -Lovbrot | 7 | 7.5% |
| -Anna | 3 | 4.7% |

Tabell 1, Innhaldet i supplikkane

⁸ NHD Tillegg: 310-335 og 337-372

Som ein ser i tabellen er det eit vesentleg større antall fleire saker enn det er supplikkar. Ser ein på prosentdelen, kjem det fram at det blir langt over 100%. Det kjem ifrå at mange av supplikkane hadde eit svært variert og omfattande innhald. Med andre ord inneheld mange supplikkar fleire saker, og blir difor plassert i fleire kategoriar. Det gjer at den totale saksmengda blir meir enn 93 supplikkar, og at prosentandelen supplikkar overstig 100%. Likevel var det nyttig å sjå kor stor andel av supplikkane som tok opp ulike tema i deira klage.

At både embetsmenn og statens krav er teke opp i over ein tredjedel av supplikkmaterialet, gjer det naturleg å behandle både desse i kvart sitt drøftingskapittel. Ein ser og at heile 48 supplikkar tok opp andre ulike saksforhold. Av desse var det fleire som tok opp eigedom, økonomiske privileger, betaling eller lovbro. Desse blir difor omtala i kvart sitt delkapittel. Til slutt kjem det tre saker eg ikkje fekk plassert i nokon av kategoriane mine. Det er viktig å få fram at kategoriane ikkje på nokon måte er absolutte. Kjeldematerialet og supplikkane er varierte, og har eit bredt innhald. Sidan supplikkane er frå ulike deler av Norge og tek opp ulike problem, gjer at likheitane på ingen måte er fullstendige. Det viktige blir å få fram den tematiske likheita, sjølv om innhaldet kan vere noko forskjellig frå supplikk til supplikk. Inndelinga i kapitla om embetsmenn, statens krav og andre saker vil vere med å lette arbeidet med å plassere saksforholda og legge til rette for drøfting rundt innhaldet.

1.3.2 Utfordringar med kjeldematerialet

Det er naturleg nok fleire utfordringar i arbeidet med kjeldematerialet. I arbeidet med eldre kjeldemateriale vil det alltid vere ei moglegheit for feiltolking. Både med tanke på språk og skrivemåte, som ligg langt frå dagens bruk, er det mogleg å feiltolke noko av kjeldematerialet. Dei ulike supplikkane er skreve på ein munnleg stil, og det er forskjellar i skrivemåte ettersom kvar supplikken er sendt frå. Utanom utfordringane med sjølve kjeldematerialet, vil vurderinga av bruken bli relevant. Validiteten av kjeldematerialet i dette arbeidet er ikkje problemet. Sidan det ikkje er noko vurdering om innhaldet i supplikkane stemmer, blir ikkje sanninga i bønene/klagane noko å ta hensyn til. Ved at oppgåva i all hovudsak skal ta for seg kva som vart klaga på, vil utfordringa heller bli retta mot kor mykje vekt ein skal tillege eit så smalt kjeldemateriale. Arbeidet med Herredagen frå Bergen 1631 vil kunne seie noko om problema og kva utfordringar allmugen hadde i åra før 1631, men ein bør vere noko skeptisk med å trekke for bastante slutningar.

Einsidigheita i kjeldematerialet er nok og eit problem. I eit større arbeid har det vore naturleg å samanlikna fleire Herredagar, samt å sett på protokollar frå bygdating/lagting, for å sett kva saker som stansa der. Sjølv om det er få tingbøker frå Norge i denne perioden, ville det vore ei styrke for oppgåva å ha sett på fleire instansar i rettssystemet for å samanlikne innhaldet i supplikkane. Kva saker som gjekk til Herredagen, og kva saker som vart behandla lokalt eller på lagting, ville vore med å skape eit enda breiare bilet over klagemoglegheita på 1600-talet.

Eit siste problem med kjeldematerialet er at det dels er skreve av øvrighetspersonar.

Supplikkane er skreve av ein person, og skrivaren kan ha vore med å prega innhaldet eller ønskje i supplikken. Likevel bør ein ta rettsreferata og innhaldet i *Norske Herredags-Dombøger* som ei relativt trygg kjelde, og noko av det meir objektive ein kan behandle frå perioden. Sjølv om det kan forekomme feiltolkningar av innhaldet i enkelte supplikkar, vil truleg konklusjonen, og arbeidet med å heve kjeldematerielet til ein større diskusjon rundt allmugens interaksjon med sentralmakta bli mogleg.

Kapittel 2. Historiografi og bakgrunnshistorie

I dette kapitlet skal eg ta for meg eit utval av tidlegare forsking på interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge, med hovudvekt på supplikkinstitusjonen. Samhandlinga og kommunikasjonen mellom allmuge og sentralmakta har vorte forska på både i europeisk og skandinavisk samanheng. Kapittel 2.1 startar med ein kort presentasjon av to ulike synsvinklar som har prega forskinga frå fyrste halvdel av 1900-talet. Vidare kjem nyare forsking på interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge. Her blir først noko европisk forsking presentert, før eg går vidare inn på skandinavisk og norsk forsking. Kapittel 2.2 kjem til å gå nærmare inn på supplikkinstitusjonens rolle i interaksjonen. Her vil sentral europeisk og skandinavisk forsking bli kort presentert, før eg går noko meir direkte inn på norsk forsking knytt til supplikkinstitusjonen.

2.1 Interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge

To av dei mest sentrale norske historikarane i mellomkrigstida er Halvdan Koht og Sverre Steen. Dei har båe to sett på norsk historie i tidleg nytid, og kva utviklingstrekk som var viktige i perioden. Sjølv om dei arbeidde med den same tidsperioda i deira verk *Norsk Bondereisning, Fyrebuing til bondepolitikken* og *Det norske folks liv og historie, 1500-1640*, har dei noko forskjellig syn på kva som førte til endring, og kva del nordmenn hadde i utviklinga.⁹ Koht vektlegg konfliktar og uro i sitt syn på norsk historie mellom 1500- og 1800-talet. Han vektlegg spesielt klassekampaperspektivet og brukar det som forklaring på bondemotstanda. Ulikheitar mellom klassane og spenninga mellom desse, var ein viktig faktor for bondemotstanda og uroa på 1500- og 1600-talet. Ved å sjå på klassane som ein viktig grunn til bondemotstanda i Norge vektlegg og Koht stridighetane og konfliktane i sitt arbeid. I *Norsk Bondereisning* tek han for seg ulike konfliktar, både blant bondesamfunna, borgarane og mellom ulike klassar i samfunnet. Utviklinga, endring og kontakta mellom allmuge og sentralmakta er ofte gjennom ulike konfliktar, der opprør og motstand er i fokus. Kohts syn er klart prega av ei marxistisk historieforståing, med klassekamp og konfliktar som sentralt i hans arbeid.

⁹ H. Koht, *Norsk Bondereisning. Fyrebuing til bondepolitikken*, Oslo 1926 og Steen 1935

Sverre Steen har ein noko annleis innfallsvinkel enn Koht. I motsetting til Koht har Steen vektlagt kommunikasjon i større grad enn konflikt. Mens Koht såg på stridighetene, og motsetningane i den norske befolkninga som utgangspunkt for deira kontakt med sentralmakta, har Steen fokusert på deira moglegheit til kommunikasjon i større grad. Steen påpeiker at statsadministrasjonen i København var langt frå Norge, og det var vanskeleg å ha kontroll over den lokale styringa av Norge på 1500- og 1600-talet. Sentralmakta var difor avhengig av å ha kommunikasjon og kontakt med nordmenn. Kontakta var best gjennom lovlege kanalar, og sentralmakta ønskja difor kommunikasjon med allmugen. Steen vektlegg blant anna at supplikkane var eit viktig verkemiddel for denne kontakta mellom allmuge og stat. Supplikkane gav eit bilet over problema i Norge, og sidan klagane ofte omhandla embetsmenn var det eit godt supplement for kongen for å fange opp uryddig bruk av embetsstillingane rundt omkring i Norge. For kongen og statsadministrasjonen vart supplikkinstitusjonen brukt som eit kontrollorgan ovanfor deira embetsmenn og deira arbeid på lokalt plan.

Steen påpeiker at bondemotstand, både lovleg og ulovleg, ofte var retta mot statens representantar, eller drastiske endringar som påverka dagleglivet. Koht vektlegg konfliktar mellom klassar, mens Steen vektlegg at motstanden ikkje var retta mot sentralmakta i seg sjølv, men heller mot kongens tenrarar og deira skjøtte av embetet. Steen legg meir vekt på at det norske folk ofte gjekk rettens vegar, enn det Koht gjer. Det var opne kanalar for kommunikasjon mellom sentralmakt og allmuge, noko både partar nyttet seg av i perioden. Steen konkluderer med at utviklinga av statsadministrasjonen på 1500- og 1600-talet var at kongen kravde meir av folket, blant anna i form av skattar og pliktarbeid. Men kongen førte også større kontroll av sine embetsmenn. Folket skulle gje staten det kongen forlanga, men til gjengjeld skulle kongen sørge for at embetsmenna ikkje utnytta si stilling. I dette arbeidet var supplikkane eit viktig middel.¹⁰

På 1980- og 1990-talet skjedde det ei anna vinkling i arbeidet med bondemotstand og statsutvikling i middelalderen og tidleg nytid. Tidlegare hadde forskinga på bondemotstand ofte vore retta mot motstand eller medverking, men nå prøvde fleire historikarar å skape eit meir fullstendig bilet av interaksjonen mellom sentralmakt og bondesamfunn. Ein starta med å sjå på statsutviklinga gjennom eit nedanfrå og opp-perspektiv, der interaksjonen med

¹⁰ Steen 1935: 380-392

allmuge var viktig for sentralmakta og statsutviklinga. I eit europeisk perspektiv er det naturleg å starte med Peter Blickle sitt arbeid med politisk historie frå 1300-1800-talet. Blickle har arbeidd mykje med tysk politisk historie, men har også redigert eit større arbeid med Europa i perioden. I boka *Resistance, representation and community*, har Blickle samla forsking på den politiske utviklinga i Europa frå 1300-1800-talet.¹¹ Denne boka er eit av fleire bind i eit større europeisk arbeid om «The Origins of the Modern State in Europe 13th-18th Centuries». Boka har sett på korleis landsbyer og bondesamfunnet var ein viktig del av statsmoderniseringa.

Blickle var tidleg ute med å ta sikte på å sjå på statsutviklinga med eit nedanfrå og oppperspektiv. Motstand, interaksjon mellom sentralmakt-allmuge, og bøndene blir sett på som viktige aktørar for statsutviklinga i perioden. Blickle peiker blant anna på at lokalsamfunna, i alle europeiske land, var organiserte sentre for motstand og påverking.¹² Motstanden til allmugen hadde fleire former. Både væpna aksjonar og rettslege prosessar vart brukt i møtet med sentralmakta rundt omkring i Europa. At allmugen hadde fleire måtar å nå gjennom til sentralmakta på, gjorde at den offentlege meiningsa fekk ei politisk kraft. Staten la til rette for at befolkninga skulle få sagt sitt, og dermed måtte dei og ta hensyn til allmugen og bondesamfunnas meininger.¹³ «The right to voice a grievance and to receive an answer belonged to the juridical culture of Old Europe and gave the subjects a political power which should not be underestimated.»¹⁴ Den politiske makta, som sentralmakta la til rette for, gav også allmugen moglegheit til å påverke utviklinga i perioden. Interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge vart gjennomført gjennom lovlege kanalar, noko som tyder på at sentralmakta ville ha kommunikasjon og kontakt med folket.

Den skandinaviske forskinga på interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge kobla seg på vendinga på 1990-talet. Av skandinavisk forsking på interaksjon mellom sentralmakt og allmuge er Eva Österberg ein sentral historikarar. I «Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige. Konflikt-kompromiss-politisk kultur» har Österberg sett på relasjonen mellom sentralmakt og lokalsamfunn i Sverige på 15-, 16-, og 1700-talet.¹⁵ Her vektlegg ho

¹¹ P. Blickle (red.), *Resistance, representation and community*, New York 1997

¹² Blickle 1997: 329

¹³ Blickle 1997: 335

¹⁴ Blickle 1997: 335

¹⁵ E. Österberg, «Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige. Konflikt-kompromiss-politisk kultur» i *Scandia*, 1989: 73-95

spesielt interaksjonen som føregjekk mellom lokalsamfunn og sentralmakt. Denne interaksjonen, eller samhandlinga, var ikkje likeverdig, sentralmakta stod naturleg nok med meir makt. Grunnen til interaksjonen forklarar Österberg utifrå det felles interessefellesskapet. I Sverige var sentralmakta interessert i å unngå konflikt med bondesamfunna, mens bondesamfunna naturleg nok ville vere med å seie sitt. Sentralmakta gav truleg noko av deira politiske makt til allmugen, for å få ei fredeleg utvikling av staten. Ved å legge til rette for kommunikasjon og samhandling var det lettare å unngå konflikt, og ein fekk større innsikt i befolkningas ønskje.

Boka *People meet the law*, som er redigert av Eva Österberg og Sølvi Sogner, ser på folkets møte med loven og statsmakta frå 1550-1850.¹⁶ Dei ser på lokalsamfunnets politiske kultur og korleis folk handla innanfor dei politiske ramane dei hadde. Kva saker som vart teke opp i domstolane, viser kva saker som var viktige for bondesamfunnet i perioda. Målet med boka er å få fram statens behov for kontakt og kommunikasjon med allmugen, men også å få fram allmugens påverkingskraft i forhold til styringa av landa. Befolkninga var noko staten måtte ta hensyn til i si utvikling. «An expanding state in countries with very small élites and limited urbanization could not get far without enjoying legitimacy among the peasantry».¹⁷ Staten var difor avhengig av kommunikasjon med lokalsamfunna og allmugen, eit samarbeid som vart brukt både i arbeidet med skatteinnkrevjing og lovgjeving lokalt.

I eit norsk perspektiv er det naturleg å dra inn Steinar Imsen. Han har og vore inspirert av Blickle sitt arbeid, blant anna i «Over bekken etter vann eller historien om den tyske bondekommunalismen som hjelp til selvhjelp».¹⁸ I denne artikkelen tek Imsen for seg den tyske bondekommunalismen som utgangspunkt for arbeid med norsk bondekommunalisme. Eit anna større arbeid med norsk bondekommunalisme er *Norsk Bondekommunalisme fra Magnus Lagabøte til Kristian Kvart. Del 1-2*.¹⁹ Her har Imsen teke for seg det norske lokalsamfunnet og sett på deira kommunikasjon med øvrigheita. Bondesamfunnet hadde betyding for moderniseringa av maktstaten, og Imsen framhevar rettsapparatet som ein viktig kanal for lokalsamfunnas misnøye. Rettssamfunnet sette klare rammar for samhandlinga med

¹⁶ E. Österberg og S. Sogner (red.), *People meet the law*, Oslo og Lund 2000

¹⁷ Österberg og Sogner 2000: 23

¹⁸ S. Imsen, «Over bekken etter vann eller historien om den tyske bondekommunalisme som hjelp til selvhjelp» i *Historisk tidsskrift*, 1989: 166-183

¹⁹ S. Imsen, *Norsk bondekommunalisme, frå Magnus Lagabøte til Kristian Kvart Del 1: Middelalderen*, Trondheim 1990 og S. Imsen, *Norsk Bondekommunalisme frå Magnus Lagabøte til Kristian Kvart. Del 2: Lydriketiden*, Trondheim 1994

bondesamfunna. Difor var samhandlinga, eller interaksjonen, ofte noko som føregjekk på statens premissar og var til nytte for sentralmakta. Bondesamfunna og sentralmakta var knytt saman i eit rettssystem, der kontakta ofte gjekk gjennom lovlege kanalar.

Steinar Imsen har og gjort eit arbeid med Günther Vogler i Peter Blickles *Resistance, representation and community*. I deira artikkel «Communal Autonomy and Peasant Resistance in Northern and Central Europe», har dei sett på motstanden og friheita til allmugen i Skandinavia og Sentral-Europa.²⁰ Deira forsking får fram at bondesamfunna i skandinaviske land har vore integrert i eit politisk system i lengre tid. I Norge ser ein at etter reformasjonen, med aukande statsmakt, har bygdesamfunna vorte meir integrert i det politiske systemet. «In Norway, the great number of supplications and petitions reflects a widespread trust among the common people in the king as guardian of both law and justice».²¹ Lov og rettferd var viktig, både for staten og allmugen. Samfunna var avhengig av orden, og den politiske påverkingskrafta folket hadde til å henvende seg til sentralmakta var viktig. Konfliktløysing var betre gjennom lovlege kanalar enn gjennom konflikt. Dette var noko staten la til rette for og som bondesamfunna nytta seg av. Gjennom interaksjon og kommunikasjon vart difor allmugen og folket i Norge med på å påverke utviklinga. Det er viktig å få fram at det fortsatt var kongen og riksrådet som satt med makta, men dei held ein kanal for kontakt open. Denne kanalen gjorde kommunikasjonen mogleg, og at folk vart høyrde.²²

Ein annan historikarar som har teke for seg interaksjonen mellom bondesamfunn og sentralmakt i Norge, men med ei noko anna vinkling, er Øystein Rian. I hans omfattande verk *Sensuren i Danmark-Norge*, tek Rian for seg ytringsfriheten fra 1536 til 1814.²³ Korleis offentlege ytringar vart gjennomregulert og overvaka, konsekvensar av ytringar og kven som arbeidde med desse i det offentlege, er viktige tema for boka. Rian vektlegg at maktkonsentrasjonen i Danmark-Norge var plassert i København. Det var kongen i samråd med riksrådet, som skulle fatte avgjørsler, og det var ei sterk sentralisering i perioden. Ved at makta var konsentrert i København, var den langt frå bondesamfunna i Norge. Dette førte til at den norske allmuge hamna i periferien. Med svekkelsen av norske adelsmenn, og at embetsmenna var bestemt frå høgare hald i København, mista nordmenn innflytelse og

²⁰ S. Imsen og G. Vogler, «Communal Autonomy and Peasant Resistance in Northern and Central Europe» i Blickle 1997: 5-43

²¹ Imsen og Vogler 1997: 42

²² Imsen og Vogler 1997: 42-43

²³ Ø. Rian, *Sensuren i Danmark-Norge*, Oslo 2014

kontakt med sentralmakta. Dermed vart vedtak om norske forhold vedteke i Danmark, og dei vart vedteke av danske tenestemenn, som var knytt til kongen og riksrådet. Innflytelsen som bondesamfunnet hadde til å påverke sentralmakta var difor svært svekka etter 1536/1537.²⁴ Forutan kontrollen over embetsmenn, gjorde kongen eit viktig arbeid med sensur og allmugens klagemøglegheit. Kongen ville ha kontroll over korleis interaksjonen gjekk føre seg. Det skulle vere på kongens premisser og til nytte for sentralmakta.²⁵

I etterkant av forskinga på interaksjonen på 1980- og 1990-talet har det kome fleire lokale og avgrensa studiar på bondemotstand og interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge. Her er hovudoppgåva til Magne Njåstad *Bondemotstand i Trøndelag ca. 1550-1600*, eit eksempel.²⁶ Njåstad har sett konkret på bondemotstand, både bakgrunn, innhald, form og utfallet av motstanden. Motstanda i Trøndelag var retta mot staten og statens representantar. Denne motstana gjev eit bilet på forholdet, og interaksjonen mellom stat og bøndene i perioden. Sjølv om motstanden var retta mot staten, fungerte den ofte for staten, gjennom at den gav innblikk i problema med lokaladministrasjonen og embetsmenna. Problema til bondesamfunna, som grunnlag for motstana, både skriftleg og fysisk, var ofte retta mot økonomiske forhold og embetsmenn. Hovudoppgåva til Njåstad konkluderer med at motstana som var retta mot det økonomiske fekk lite gjennomslag. Men sentralmakta brukte informasjonen om embetsmenn og styret til å rydde opp og effektivisere statsadministrasjonen.

Eit anna viktig arbeid for mi oppgåve er hovudoppgåva til Harald A. Nissen. Nissen såg i sitt arbeid på bondemotstand og statsmodernisering, og tok utgangspunkt i Bjelkekommisjonens arbeid i Trondheim len 1632.²⁷ Denne hovudoppgåva tek meir for seg konsekvensane av interaksjonen og kva sentralmakta gjorde med utgangspunkt i klagane frå Herredagen i Bergen 1631. Innhaldet og omfanget av supplikkmaterialet som vart sendt inn til Herredagen i 1631 utløyste fleire prosessar i ettertid, Bjelkekommisjonen var ein av dei. Sidan Nissen har sett på konsekvensane og sentralmaktas arbeid med etterspelet av Herredagen i 1631, blir dette arbeidet sterkt knytt opp mot mitt eige problemkompleks. Mens eg i mitt arbeid skal sjå på innhaldet, og kven som sendte klagane til Herredagen, har Nissen fokusert meir på

²⁴ Rian 2014: 88-89

²⁵ Rian 2014: 158-159

²⁶ M. Njåstad, *Bondemotstand i Trøndelag ca. 1550-1600*, Hovudoppgåve Trondheim 1994

²⁷ Nissen 1996

etterspelet og det konkrete arbeidet som vart sett i gong utover 1630-åra. Bjelkekommisjonen hadde ei viktig rolle i oppryddinga av embetsmennenes misbruk av stillingane sine. Kort oppsummert skulle bondesamfunna gjere det kongen befalte dei, i forhold til blant anna å betale skatt. Kongen skulle til gjengjeld sørge for at hans statsadministrasjon og embetsmenn var rettferdige ovanfor undersåttane i Norge. At det vart sett i gang så omfattande prosessar i ettertid gjev eit inntrykk av at Herredagen i 1631 var ein viktig hendels, og gjer den difor interessant å undersøkje.

2.2 Supplikkinstitusjonen

Mykje av forskinga på interaksjonsbegrepet og kommunikasjonen mellom allmuge og sentralmakt har teke for seg supplikkinstitusjonen som ein viktig faktor. Ein viktig historikarar i denne samanhengen er Andreas Würgler. Han har forska mykje på europeisk statsutvikling og allmugens deltaking i denne prosessen. Würgler har blant anna gjort eit grundigare arbeid med sosiale konfliktar og supplikkar i Europa. I sin artikkel «Voices From Among the «Silent Masses»: Humble Petitions and Social Conflicts in Early Modern Central Europe», skriv Würgler om allmugen, eller «the silent masses», si moglegheit til å påverke samfunnet, eller berre bli høyrd av sentralmakta.²⁸ Brev eller supplikkar har vorte produsert av grupper, eller individuelle, uavhengig av alder, status, religion, kjønn, etnisitet eller gruppe.²⁹ Desse dokumenta vart innsendt i fleire delar av Europa og tok opp ulike emne i deira brev. Breva gjev difor innsikt i kva problem allmugen hadde i perioden, og det gav sentralmakta innsikt gjennom at breva kom fram til dei. Tidlegare forsking på bondemotstand tek ofte for seg større aksjonar eller opprør. Denne artikkelen ser meir på allmugen, og deira kollektive og individuelle problem i lokalsamfunna. Sosiale konfliktar, ulike supplikkar, kollektive og individuelle brev blir teke opp og drøfta i artikkelen. Würgler konkluderer med:

*«Altogether petitions, gravamina and supplications are among the most important sources not generated but dealt with by the state, offering widest social spectrum of authors or initiators, voicing an almost unlimited variety of issues in large quantities».*³⁰

²⁸ A. Würgler, «Voices From Among the «Silent Masses»: Humble Petitions and Social Conflicts in Early Modern Central Europe» i *International Review of Social History*, 2001: 11-34

²⁹ Würgler 2001: 12

³⁰ Würgler 2001: 33-34

Supplikkar eller andre brev var noko staten tok på alvor, og det var ein viktig kanal for allmugen til å nå gjennom med sine bøner og klager. Supplikkane er ikkje produsert av staten, eller på vegne av staten, men fremmar befolkningas ord, både gjennom individuelle og kollektive brev. At supplikkane fortel om folks utfordringar og erfaringar, gjer at ein får eit innblikk i kva innbyggjarane hadde av problem i perioden, samt deira moglegheit til å nå fram til sentralmakta med sine problem.³¹

Eit konkret døme på kva rolle supplikken har spelt er artikkelen «Petitions, Gravamina and the early modern state: local influence on central legislation in England and Germany (Hesse)», der Würgler har samarbeidd med Beat Kümin.³² Her har dei sett på korleis allmugen var med å prega lovgivinga i Tyskland og England. Dei har teke for seg statsutviklinga, og sett på allmugen og kva deira påverkingskraft hadde å seie for utviklinga av administrasjonen i England og Tyskland. Artikkelen tek for seg utviklinga frå 1600-1800-talet, og tek fokuset burt frå opprør og opptøyar, og fokuserer heller på det daglege politiske livet i perioden. Dei seier blant anna:

«*State-formation, to summarize the overall impression, now appears more like a dynamic process of communication between centre and localities rather than a one-sided drive towards ever greater penetration or acculturation».*³³

Folket, eller allmugen, hadde både i Tyskland og England formelle kanalar til å bli høyrde.³⁴ Desse kanalane la til rette for interaksjon og kommunikasjon mellom sentralmakt og allmuge. For folket var det viktig å ha moglegheit til å bli høyrde, mens for sentralmakta var det også positivt å ha ein kanal open for sin eigen del. Artikkelen konkluderer med at det utan tvil var auke i statsmakta i tidleg moderne tid. Men allmugen var også deltakar i det politiske liv i både Tyskland og England. «The status quo was constantly challenged by popular complaints and suggestions, with many an advanced solution testifying to the existence of «innovation from below»».³⁵ Fleire røster skulle bli høyrde og interaksjonen mellom sentralmakta og allmuge var difor med å drive utviklinga av staten frå 1600-1800-talet.

³¹ Würgler 2001: 33-34

³² A. Würgler og B. Kümin, «Petitions, Gravamina and the early modern state: local influence on central legislation in England and Germany (Hesse)» i *Parliaments, Estates and Representation*, 1997: 39-60

³³ Würgler og Kümin 1997: 40

³⁴ Würgler og Kümin 1997: 42

³⁵ Würgler og Kümin 1997: 58

I ein skandinavisk samanheng har Eva Österberg teke opp bruken av supplikkar i Sverige. Ho har samarbeid med Peter Blickle og Steven Ellis i «The commons and the State: Representation, Influence, and the Legislative Process». ³⁶ Her har dei sett på England, Tyskland og Sverige-Finland. I arbeidet med Sverige-Finland kjem det fram at sentralmakta og brukte allmugen og lokalsamfunna i deira avgjerder med skatt og rettferd. Det var viktig for staten å få med folket i ulike avgjerder, og sjølvsagt var det og viktig for allmugen å kunne vere med å bestemme. Denne interaksjonen gjorde at lovgjeving og påverking ikkje berre gjekk ovanfrå, men at folket også fekk vere med. ³⁷ Sjølv om det ikkje var mangel på opprør og væpna aksjoner i Sverige-Finland mellom 1500- og 1800-talet, var det likevel lovlege vegar som vart brukt mest i møtet med sentralmakta. I denne prosessen spelte klagemål ei viktig rolle.

«They brought their grievances to parliament, they negotiated with the king, they tried to influence the local implementation of legislation through their representatives in local and regional self-government». ³⁸

Sentralmakta hadde fleire kanalar opne, og allmugen og bondesamfunna brukte desse aktivt i deira kontakt med staten. Klagemåla vart aktivt brukt av lokalsamfunna, og fekk fram kva problem bøndene gjekk til sentralmakta med.

Det er også gjort norsk forsking på supplikkinstitusjonen og Herredagen i Norge. Eg har alt nemnd Rians bidrag i boka *Sensuren i Danmark-Norge*. ³⁹ Rian vektlegg supplikkinstitusjonen som viktig for at befolkninga hadde moglegheit til å henvende seg til myndighetene gjennom enkeltklager, eller at grupper samla seg og klaga. Her vektlegg Rian at supplikkinstitusjonen også var viktig for kongen, gjennom at den gav informasjon om samfunnsforhold i Norge, og som kontroll over embetsmenna. At sorenskrivaren og andre autoriserte skrivrarar vart brukt, gjorde at kongen slapp usannferdige påstandar og unødvendige skuldingar. Det vart og forbode med støtte til felles kollektive supplikkar. Kort oppsummert kan ein seie at moglegheita bondesamfunnet i Norge hadde til å nå gjennom med klager og bøner var gjennom supplikkinstitusjonen. Men kongen hadde god kontroll over kva klager som kom inn, og at klagane ikkje førte til ei felles motstand mot styret og kongemakta. Det var ein open

³⁶ P. Blickle, S. Ellis og E. Österberg, «The Commons and the State: Representation, Influence, and the Legislative Process», i Blickle 1997: 115-153

³⁷ Blickle, Ellis og Österberg 1997: 122

³⁸ Blickle, Ellis og Österberg 1997: 129

³⁹ Rian 2014: 525-574

kanal mellom bondesamfunn og sentralmakt, men denne hadde eit klart formål, og vart brukt bevisst av kongen i perioden.⁴⁰

I arbeidet med sjølve supplikken si rolle i norsk historie er det naturleg å dra fram Steinar Supphellen. Han har blant anna arbeidd med framveksten og bruken av institusjonen på 1600- og 1700-talet.⁴¹ I sin artikkel skriv Supphellen om utviklinga til supplikkinstitusjonen i Norge. Innføringa av sorenskrivarembetet i 1591 var ei viktig hending for å styrke og ordne rettsforvaltninga rundt omkring i landet, både for konge, embetsmenn og bondesamfunnet. På 1630- og 1640-talet vart det utforma fleire retningslinjer for bruken av supplikkar. At institusjonen vart teke på alvor på starten av 1600-talet er tydleg, ved at kongen gjorde eit arbeid for å effektivisere og klargjere bruken av supplikkar. Supplikken har vore eit instrument for undersåttane til å meine noko ovanfor kongen og hans apparat, som styringsapparatet automatisk ikkje ville ta seg av. Supplikkinstitusjonen var på mange måtar eit supplement til det administrasjonssystemet som alt fantes i perioden.

Supphellen vektlegg og at supplikken ikkje berre var til nytte for allmugen, men at den også gjorde si nytte som informasjonskjelde for statsapparatet i perioden. Konge og riksråd var langt ifrå det daglege liv rundt omkring i Norge, og supplikkane gav eit innblikk i problema til den norske befolkning. På 1600-talet var det tydleg at kongen var oppteke av å halde ein kanal open mellom den enkelte undersått og styret av landet. Samstundes var kongen på vakt mot større grupper som samla seg for å klage, samt for stor klagemaske. Retningslinjene på 1630- og 1640-talet kan vise at kongen tok supplikkane på alvor. Dei skulle vere eit middel for statsadministrasjon, og supplikkane som skulle opp til Herredagen måtte ha vore gjennom ein prosess. At ting vart behandla på lokalt plan var sjølvsagt å føretrekke, men kongen var også interessert i saksforhold som gjekk vidare til Herredagen. Spesielt saker med embetsmenn som utnytta si stilling var av interesse for kongen og statsmakta.⁴²

⁴⁰ Rian 2014: 525-573

⁴¹ S. Supphellen, «Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særlig først på 1700-tallet» i *Historisk tidsskrift*, 1978: 152-186

⁴² Supphellen 1978: 152-171

At kongen tok supplikkane og sakene til Herredagen på alvor er tydleg i hans bruk av ad hoc-kommisjonane på 1600-talet. Desse kommisjonane vart brukt for å effektivisere statsadministrasjonen og for å ta seg av saker som embetsmennene ikkje hadde kontroll over. Kommisjonar er ikkje eit spesielt dansk-norsk fenomen, men eg kjem her til å ta for meg nokre eksempel på arbeid med norske kommisjonar. Blant anna har Steinar Imsen arbeidd med norske ad hoc-kommisjonar og sett på deira forvaltning under Kristian 4.⁴³ Imsen peiker spesielt på kommisjonsarbeidet som ein viktig del i oppryddinga og kontrollen av embetsmenn. Dei fleste kommisjonane hadde eit undersøkande mandat, dei skulle granske og saksforberede, for så å leggje fram eit forslag på løysing. Med andre ord eit administrativt supplement til statsadministrasjonen i perioden. Den svake statsadministrasjonen i Norge, og omfanget og innhaldet i klagane som vart teke opp på herredagane, gav eit klart inntrykk av eit forbedringspotensial i drifta av staten. Ad hoc-kommisjonane kom ikkje etter ønskje frå allmugen, men det er mogleg å tenkje seg at innhaldet i supplikkane var noko av grunnlaget for kva kommisjonane arbeidde med. Supplikkane gav eit inntrykk av problema, spesielt med administrasjonen og embetsmenn si utøving av makt. Kommisjonane vart aktivt brukt, spesielt under Kristian 4.⁴⁴ Bjelkekommisjonen, som kom etter Herredagen i Bergen 1631, er spesiell ved at den fekk den viktige oppgåva med å rydde opp og effektivisere statsadministrasjonen i Norge i åra etter Herredagen.⁴⁵ Samanhengen mellom klagane på embetsmenn, og arbeidet som vart gjort i Bjelkekommisjonen, viser at supplikkmaterialet som vart sendt til Herredagen 1631 vart teke på alvor.

Den presenterte forskinga på interaksjonen mellom bondesamfunn og allmuge, samt supplikkinstitusjonen, vil vere bakteppe for drøftingskapitla. Både den europeiske, skandinaviske og norske forskinga vil bli teke opp i avslutningskapitlet der eg skal prøve å sette mitt arbeid inn i denne samanhengen. Her vil eigne funn bli sett på, i lys av tidlegare forsking. Målet blir å gje eit konkret eksempel på den norske interaksjonen mellom allmugen og sentralmakta, gjennom å sjå på supplikkmaterialet som vart sendt inn til Herredagen i Bergen 1631.

⁴³ Imsen 1982: 131-144

⁴⁴ Imsen 1982: 131-144

⁴⁵ For meir informasjon om Bjelkekommisjonen sjå Nissen 1996

Kapittel 3. Embetsmenn

Av dei 36 supplikkane som omhandla embetsmenn og deira skjøtte av embeta sine, var det stor overvekt av klager mot fogdar, lagmenn og uspesifiserte ombodsmenn.⁴⁶ Heile 27 saker omhandla embetsførselen til ulike fogdar og lagmenn, mens det og var sju klager på ombodsmenn. Til slutt var det to klager på prestar, og ei enkel sak om ein borgarmeister. Eg vil dele inn drøftinga om embetsmenn i fire, der fogdar, lagmenn, ombodsmenn blir behandla kvar for seg. Til slutt skal eg kort ta for meg sakene om prestane og borgarmeisteren. Av dei 36 supplikkane om embetsmenn var 22 kollektive klager, mens 14 av dei var individuelle. Dette gjev eit bilet av at både enkeltpersonar og heile samfunn hadde klager retta mot ulike embetsmenn.

3.1 Fogden

Fogden er representert i 19 av dei 36 supplikkane om embetsmenn. Ved at fogden er med i over halvparten av supplikkane retta mot embetsmenn, er fogdeembetet det embetet med klart flest klager mot seg. Av dei 19 klagane mot fogden, var heile seks klager retta direkte mot ein fogd, Baltser Karre. Sidan nesten ein tredjedel av fogdeklagane var om Karre skal han få eit eige kapitel. Forutan Karre var det seks klager mot ukjent fogd, og sju der fogdane er nemnt med namn. Av dei 19 klagane retta mot fogdeembetet, var åtte individuelle klagar, mens heile elleve supplikkar var sendt frå større grupper.

Det er lite tilfeldig at fogdeembetet var embetet med flest klager retta mot seg. Hand i hand med statsutviklinga på 1500- og 1600-talet fekk også fogden større ansvar for innkrevjing av skatter og ulike avgifter. Rolf Fladby påpeikar at fogden gjekk frå å vere lensherrens private tener til å bli ein del av sentralmaktens forvaltningsorgan.⁴⁷ Endringa ved skatteinnkrevjing gav fogden eit stort maktgrunnlag i lokalsamfunnet, samt moglegheit til å utnytte eiga posisjon til forretningsvirksomhet. Sjølv om det i teorien var ulovleg for fogden å drive handel, var han ofte villig til å bytte pengar mot varer. At fogden hadde moglegheit til å sjonglere mellom å vere innkrevjar av kongens pengar, og sjølv drive byte av varer for

⁴⁶ Ein ombodsmann er ein mann som opptrer med fullmakt på ein annan manns vegne. Både fogdar og andre offentlege tenestemenn kan bli omtala som ombodsmenn. Henta 11.03.16 frå: Norsk historisk leksikon.

Ombudsmann <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Ombudsmann>

⁴⁷ R. Fladby, *Fra Lensmannsjener til Kongelig Majestets foged*, Oslo 1963: 147

bøndene, gjorde at det var eit smotthol i systemet for fogden til å tene pengar.⁴⁸ I artikkelen «Noen synspunkter på fogdeinsitusjonen i Norge fra reformasjonen til 1630-årene» tek Nils Johan Stoa opp fogdens rolle i forhold til lokalsamfunna og sentralmakta.⁴⁹ Stoa påpeiker her at fogdens posisjon vart styrka i overgangen til pengeøkonomi. Denne overgangen gav fogden moglegheiter til kapitaloppsamling, noko som styrka hans stilling i lokalsamfunna. Fogdens posisjon som sosialt overlegen, øvrigheitsperson og kongens skatteoppkrevjar måtte ha gjeve fogden store fordelar som bundelegg mellom bondeøkonomien og statens inntekter.⁵⁰ Sjølv om fogden gjekk frå å vere lensherrens private tenar, til å bli eit viktig ledd i sentralmaktas forvaltningsorgan, kan det verke som om fogden fekk eit større maktgrunnlag i lokalsamfunna. Det var ikkje utvikla eit system for kontroll over fogdane, og nå som fogden fekk ei friare stilling til lensherrane var deira maktutøving overfor bondesamfunna lite kontrollerbar.⁵¹

At fogdane utnytta stillinga til eiga vinning og maktutviding i perioden var ikkje eit ukjent fenomen. Forskjellen mellom privatliv og offentlegheit var ofte utsydeleg på 1600-talet, og eigne interesser prega ofte embetsføringa.⁵² Fogdane i Norge stod ofte i eit spenningsfelt mellom kongens krav, lensherren myndighet, bøndenes motvilje og sin eigennytte. Dette gjorde at fogdane hadde moglegheit til å utnytte sitt embete for eiga vinning, både gjennom skatteinnkrevjing og maktutviding på lokalt plan. Forutan moglegheita til maktutviding gjennom endringar i innkrevjingsapparatet av skatter og avgifter, og fogdens posisjon i lokalsamfunnet, var også lønna til fogdane svært beskjeden i perioden.⁵³ At lønna var låg, gjorde at det var lagt opp til at fogden skulle få visse godtgjørsler av bøndene for sitt arbeid i lenet. Historisk sett hadde det vore tradisjon å gje fogden gavne for å skaffe seg velvilje, men denne tradisjonen gjekk over til å bli ein pliktig ytelse. Fogden kravde ofte gratis overnatting og skyss, ein liten ekstraskilling når bonden betalte skatt, avgift når ein gard gjekk over til ny eigar, osv. Desse ekstraytingane, som var noko uklare i følje loven, gjekk ofte over å bli direkte lovbroter frå fogden si side.⁵⁴ Dårleg lønn saman med ein tradisjon for ekstraytingar for sitt arbeid, gjorde at fogdane ofte kravde for mykje av bøndene og gjorde små overtramp for

⁴⁸ R. Fladby, *Norges Historie. Gjenreisningen*, Oslo 1977: 145

⁴⁹ N. J. Stoa, «Noen synspunkter på fogdeinsitusjonen i Norge fra reformasjonen til 1630-årene» i *Historisk tidsskrift*, 1983: 269-286

⁵⁰ Stoa 1983: 273

⁵¹ Stoa 1983: 285

⁵² O.G. Moseng, E. Opsahl, G. Pettersen og E. Sandmo, *Norsk historie 1537-1814*, Oslo 2003: 113

⁵³ Fladby 1963: 168

⁵⁴ Steen 1935: 376

å auke eigen økonomi og stilling i lokalsamfunnet. Men tilbake til Herredagen i 1631, kva overtramp gjorde fogdane seg skuldige i?

I dei 13 supplikkane som ikkje var retta mot Baltser Karre var fem om eigedom, fire om innkrevjing, to om skyssferd/foringsskap og ei om natthold. Det var og tre supplikkar med anna innhald. I sakene om eigedom var det vanleg at supplikksendar enten har vorte fordrevet frå sin eigedom, eller at det er spesifisert at fogden skal ta til takke med eigen fogdegård og ikkje ta seg til rette.⁵⁵ Eit eksempel er frå Maren Thomesdatter i Nordfjord: «...beklager sig offuer fougdenn Peder Jørgenßenn, aff hannom meget at forurettas, och hindes odelsgodz att fraatenges».⁵⁶ Her har fogd Peder Jørgensson teke seg til rette i form av eigedom, og Maren er fortrengt frå sitt odelsgods. Ei anna er ei sak der mannen til supplikksendar Karen Pedersdatter har rømt, grunna ein drapssaka. Problemet er at fogden har teke eigedommen til den rømte drapsmannen.⁵⁷ I følje Kristian 4.s lov mister den drapsdømte alt han eig, med unntak av odelsgods.⁵⁸ Fogden hadde difor ikkje lov til å ta eigedommen til den rømte drapsmannen.

Ut frå kjeldematerialet verkar det som at det var vanleg at fogden tileigna seg eigedom ulovleg. At så mange av supplikkane retta mot fogdar inneheld klage i forhold til eigedom, viser at fogdane hadde moglegheit til å utnytte stillinga si i perioden. Gjennom sin sterke posisjon i lokalsamfunnet verkar det som fogden tok seg til rette, og prøvde å utvide sitt maktgrunnlag, ofte i form av eigedom. Supplikkane viser at fogden ofte fortrengte eigaren eller oppsittaren av ulike eigedommar.

Forutan å underlegge seg eigedom ulovleg, var innkrevjing den viktigaste saka for klagane mot fogdane under Herredagen i 1631. Av dei 13 sakene som omhandla andre fogdar enn Karre, var fire av sakene om urett innkrevjing av skattar og landskyld.⁵⁹ Her handlar dei fleste av sakene om at fogden tek for mykje i skatt, eller at fogden krev skattar som supplikksendar er ueinig i. Eksempelvis krev fogden pengar frå gods som ikkje er underlagt krona,⁶⁰ samt tek for mykje når han skal krevje ulike skattar.⁶¹ At fogden tok seg til rette og utnytta systemet

⁵⁵ NHD Tillegg: 346-347, 355, 357, 360 og 362

⁵⁶ NHD Tillegg: 360

⁵⁷ NHD Tillegg: 355

⁵⁸ Fr. Hallager og Fr. Braandt (utg.), *Kong Christian den fjerdens norske Lovbog af 1604*, Oslo 1981: 39

⁵⁹ NHD Tillegg: 342 og 356-360

⁶⁰ NHD Tillegg: 360

⁶¹ NHD Tillegg: 342

ved å ta meir skatt for eiga vinning er ikkje unaturleg. Frå 1500-talet og fram til 1630-talet var det stor auking av skattar og fogden fekk større ansvar for innkrevjinga. Dette førte til at fogden truleg utnytta bondesamfunna økonomisk for å fremme eiga posisjon. Både ansvaret for innkrevjinga av statens pengar og at fogden fekk ein viktig politisk posisjon, både med tanke på handel og som embetsmann i lokalsamfunnet, gav grunnlag for at fogden kunne utnytte embetet.⁶²

Av sakene som ikkje omhandla innkrevjing eller eigedom var det fleire saker om urettmessig natthold eller skyss av fogden.⁶³ Desse supplikkane klager på at fogden krev natthold eller skyssferd/foringsskap utover det han har rett til, og at det går utover supplikksendar. Både allmugen ved Herdal og bøndene ved Nummedal skriver i deira supplikkar om «wtilbørllig foringschab/schydsfer» av fogden,⁶⁴ mens utværingane på Nordmøre klagar på nattholdet av deira fogd.⁶⁵ Dei siste sakene mot fogden var av noko varierande grad. Ei sak er om handel, og at fogden utnyttar si stilling med ulovleg kjøpmannsskap,⁶⁶ mens ei sak frå Bergen tek opp fogdens rekneskap.⁶⁷

Til slutt er det ei spennande sak om ei ulovleg fengsling utført av fogden Laurits Markusson.⁶⁸ «Lauritz Marckursen mig vden loug och domb saa lanngsommelige thid fengseligen anholden haffuer».⁶⁹ I denne supplikken, som er den klart lengste av dei fullstendige supplikkane i dombøkene frå Herredagen 1631, har kontrafeier Rolf Olsson komme på kant med fogdens kone.⁷⁰ Supplikken fortel ei lang historie, og tek grundig for seg handlingsforløpet som førte til fengslinga og etterverknadane av fengelsopphaldet. Rolf Olsson hadde i 1627 kjøpt fire bord av fogdens kone, og når han kom tilbake for å betale dei kravde ho prisen for seks bord. Etter å ha nekta å betale for meir enn fire bord fekk Olsson pest, og la skulda på fogdekona. At Olsson la skulda for pesten på fogdens kone kan tolkast dit at han anklaga ho for å drive med trolldom.⁷¹ Dette likte fogden Laurits Markusson därleg og kasta Rolf Olsson i fengsel.

⁶² Fladby 1963: 145-146

⁶³ NHD Tillegg: 316-318, 343-344 og 346-347

⁶⁴ NHD Tillegg: 343 og 346

⁶⁵ NHD Tillegg: 317

⁶⁶ NHD Tillegg: 362

⁶⁷ NHD Tillegg: 362-363

⁶⁸ NHD Tillegg: 323-329

⁶⁹ NHD Tillegg: 326

⁷⁰ Ein kontrafeier er ein håndverksmaler som utførte portretter og fine dekorasjonsarbeider. Henta 08.03.16 frå: Norsk historisk leksikon. *Kontrafeier* <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Kontrafeier>

⁷¹ H. E. Næss, *Med bål og brann. Trolldomsprosesser i Norge*, Stavanger-Oslo-Bergen-Tromsø 1984: 110: Trolldom var ein svært alvorleg forbrytelse i Danmark-Norge på 1600-talet. Forordninga av 1617 slår fast at

Mens han sat i fengsel døydde fire av ungane hans. Saka inneheld fleire brev, to brev frå Rolf Olsson og eit brev frå kona Sara. I denne saka verkar det som om fogd Markussen har utført eit grovt lovbro ved å fengsle kontrafeier Rolf Olsson utan noko dom, og saka vitnar og om dei tragiske konsekvensane for familiens liv etter at Rolf Olsson vart fengsla. I motsetning til dei andre sakene mot fogdeembetet, er dette ei sak der fogden ikkje berre har teke seg til rette, men verkeleg utført eit grovt lovbro mot ein enkelt person. Grunnen til at fogden har gått så drastisk til verks kan forklaraast ved at Olsson la skulda for pesten på fogdens kone. Viss det vart tolka som trolldom, var det ei svært alvorleg anklage å få på seg i perioden.⁷²

3.1.1 Baltser Karre

Hovudpersonen i klagane mot fogdeembetet var Baltser Karre.⁷³ Heile seks av 19 saker om fogdeembetet er klager direkte retta mot Karre. Av desse seks klagane er fire av dei frå Nordmøre, ei frå Jemtland og ei ukjent. Dei fire klagane frå Nordmøre vitnar om stor misnøye, både blant enkeltpersonar og allmugen generelt, retta mot embetsførselen til Karre. To av dei individuelle sakene er om eigedom, der Karre har teke ein bygsgard ulovleg,⁷⁴ og der han prøver å få fjerna nokre bebudde hus frå sin eigedom.⁷⁵ I saka der Karre prøver å fjerne dei bebotte husa frå sin eigedom, fortel supplikksendar Gregers Pedersson Stadell at hans familie fekk lov til å sette opp nokre små hus ved ein bondegard. Dette hadde den gamle fogden godkjent, og husa hadde ikkje på nokon måte vore til bry for bonden på garden. Problema kom når Karre vart ny fogd på Nordmøre. Først fjerna Karre bonden frå garden sin, og nå vil han også fjerne Gregers og hans familie frå deira hus.⁷⁶ Saka viser at Karre var ein fogd som brukte sitt embete for å tilegne seg mest mogleg makt ved å ta seg til rette, i dette tilfellet i form av eigedom.

personar som dreiv med trolldom skulle dømes til døden «utan all nåde». R. B. Hagen, *Dei europeiske trolldomsprosessane*, Oslo 2007: Hagen har og arbeid med trolldom og trolldomsprosessane i eit europeisk perspektiv. Her påpeikar han på side 89 blant anna at kjernetida for norske trolldomsprosessar ligg i perioden mellom 1620-1665.

⁷² Sjå Næss 1984 og Hagen 2007 for meir informasjon om trolldomsprosessane i Norge og strafferammene for å utføre trolldom.

⁷³ NHD Tillegg, andre hefte 1972: 669: Baltser Karre var først fogd i Jemtland, før han vart ansett som fogd på Nordmøre. I perioden før og under Herredagen 1631 satt han på Nordmøre. Nissen 1996: 48-51: Baltser Karre var og ein sentral person i arbeidet til Bjelke-kommisjonen i 1632 og det vart lagt fram ønskje om hans avgang. Rian 2014: 566: Vidare leiting viser at Baltser Karre faktisk vart fjerna frå sitt embete som fogd i 1633 etter fleire lovbro ved Nordmøre.

⁷⁴ NHD Tillegg: 329-330

⁷⁵ NHD Tillegg: 318-321

⁷⁶ NHD Tillegg: 318-221

Forutan dei to sakene om eigedom var det ei individuell sak med ukjent grunnlag for klagan,⁷⁷ mens ei anna sak handlar om landskyld, der Karre krev pengar frå gods som ikkje er underlagt krona.⁷⁸ Dei to siste sakene er både frå allmugen ved Nordmøre.⁷⁹ Desse to supplikkane er meir omfattande og har fleire punkt retta mot embetsførselen til Baltser Karre. I desse to supplikkane er det tydleg at Karre har teke seg godt til rette og utnytta sitt embete, både når det kjem til innkrevjing av skatt, natthold, handel, skyssferd, foring og eigedom. Klagane viser at Karre klarte å få eit heilt samfunn på Nordmøre til å skrive kollektive klager retta direkte mot seg, og at han ikkje berre gjorde individuelle overtramp. At embetsførselen til Karre var så uryddig, både ved tileigning av eigedom, innkrevjing av skatter og ulike ytingar, gjorde at han vart fråteke embetet i 1633.⁸⁰

3.2 Lagmenn

Nest etter klagane retta mot fogden var lagmannen det embetet med flest klager retta mot seg. Av dei 36 supplikkane om embetsførselen, var åtte retta direkte mot lagmenn. Heile fire av sakene var retta mot ein lagmann, Mikel Hansson. Han skal i likheit med Baltser Karre bli omtala noko grundigare. Av dei åtte klagane retta mot ulike lagmenn var heile seks av dei individuelle klager, mens to av klagane var kollektive. At så mange saker var retta mot lagmannen er ikkje uventa. Lagmannens hovudoppgåve var å dømme på lagtinget.⁸¹ På 1600-talet, som i dag, blir det dømt feil i ulike saker, og da er det naturleg at dommaren er den som får skulda. Lagmannen var i perioden under press frå øvrigheita, ved at fogdar og lensherrar møtte opp på tinget og kravde ei bestemd avgjørsle.⁸² Det er mogleg å sjå for seg at lagmannen hadde ei vanskeleg oppgåve med å dømme rett i alle sakene som kom opp på tinget, og at nokre klagar om urett dom gjekk vidare til Herredagen er ikkje overraskande.

Av dei fire andre sakene retta mot ulike lagmenn, var to av dei om eigedom. Av sakene om eigedom er den eine supplikken ei klage på urett dom, utført av lagmannen.⁸³ I den andre saka har sender av supplikken vorte fordrevet frå garden sin av ein lagmann.⁸⁴ Forutan saker om

⁷⁷ NHD Tillegg: 363

⁷⁸ NHD Tillegg: 339

⁷⁹ NHD Tillegg: 347-348 og 351-352

⁸⁰ Rian 2014: 566

⁸¹ Ø. Rian, *Den nye begynnelsen. Aschehougs Norgeshistorie*, bd.5 Oslo 1995: 42

⁸² Rian 1995: 78

⁸³ NHD Tillegg: 345

⁸⁴ NHD Tillegg: 347

eigedom, er det ei sak om ein lagmann som ikkje vil dømme i ei sak mot ein dommar,⁸⁵ mens den siste supplikken klagar på at lagmennene bur så langt borte, at dei ikkje kan utføre sitt arbeid på ein god måte.⁸⁶ Her ser ein at tre av sakene retta mot ulike lagmenn går på deira embete som lagdommar, mens den eine saka om eigedom går på at lagmannen har teke seg til rette og fordrevet supplikksendaren frå garden hans.

3.2.1 Mikel Hansson

Mikel Hansson var lagmann på Agdesida, og ein embetsmann som klarte å få fleire klager retta mot seg.⁸⁷ To av klagane er retta mot feil dom utført av Hansson, der ei har ukjent grunnlag mens den andre er ei sak om eigedom.⁸⁸ Bøndene på Agdesida har sendt inn ei kollektiv klage over at Hansson dømmer ulovleg i fleire saker, og dei ber om at han fråtrer frå sitt embete og at dei får tilbake sin gamle lagmann.⁸⁹ Til slutt er det og ei sak som klager på fleire punkt ved embetsførselen til Hansson. «Rasmus sønner i Mandalls lehn beklager sig stoerlig i mange atschellige puncter offuer Michell Hansen laugmanden, wnderdanigst begierer at maatte befordres till sin rett».⁹⁰ Alt i alt har Hansson fått både enkeltpersonar og heile samfunn i sitt len mot seg gjennom å dømme feil i fleire saker. Supplikkane er tydlege på at dei ikkje berre klager på dommen, men på Hansson og hans stilling som lagmann spesielt.

3.3 Ombodsmenn

Av dei 36 klagane retta mot embetsmenn var sju direkte mot uspesifiserte ombodsmenn. Kven dessa ombodsmenna er, kjem ikkje fram i supplikkane. Det er likevel truleg ut frå kjeldematerialet at det enten er fogdar, eller nokon som utførar liknande oppgåver som fogdane. Alle sakene retta mot ombodsmennene var kollektive klager og hadde svært likt saksinhald.⁹¹ Dei sju klagane var alle retta mot uryddig innkrevjing og foringsskap. Under innkrevjing kjem for høg innkrevjing av landskyld, toll, feil vekt på varer, for høg bygsel, for høg betaling til ombodsmenna og for høg foring. Forutan innkrevjing var supplikksendarane

⁸⁵ NHD Tillegg: 353

⁸⁶ NHD Tillegg: 353-354

⁸⁷ NHD Tillegg, andre hefte 1972: 675

⁸⁸ NHD Tillegg: 361-362

⁸⁹ NHD Tillegg: 371

⁹⁰ NHD Tillegg: 368

⁹¹ NHD Tillegg: 344-345, 350-351, 355, 356-357, 361 og 364

lei av urettmessig skyssferd av ulike ombodsmenn. I dei sju supplikkane er det tydleg at ombodsmenna tok seg til rette i innkrevjingsprosessen. Som tidlegare nemnt var det fleire skatter og avgifter der ombodsmenna kravde for mykje. Det står ingenting om omfanget av lovbrota, men at klagane er kollektive tydar på at heile samfunn hadde gått seg lei av ombodsmenna si utnytting av samfunna, både i form av skyss og at dei kravde for mykje i skatt og avgifter.

3.4 Andre embetsmenn

Til slutt i drøftinga om embetsmenn er det tre saker, der to av dei er om presteembetet, og til slutt ei sak om borgarmeisteren i Stavanger. Desse tre sakene, er i likhet med supplikkane om ombodsmenn, kollektive klager. At berre to av dei 36 sakene mot embetsmenn omhandlar geistligheten, fortel at det truleg ikkje var store problem mellom allmuge og geistligheten på starten av 1600-talet. Dette kan tyde på at kyrkja og presteskapet var godt integrert i lokalsamfunna, noko Steinar Imsen har poengert i sitt arbeid med norsk bondekommunalisme.⁹² Forutan fråværet av geistligheten i supplikkmaterialet til Herredagen 1631, har Magne Njåstad også observert fråværet av klager mot presteskapet i sitt arbeid med bondemotstand i Trøndelag 1550-1600.⁹³ Sjølv om store delar av kyrkjegodset vart underlagt krona i 1537, var prestane blant dei menn som disponerte mest gods i lokalsamfunna. Det er difor interessant at det ikkje er fleire ueinigheiter mellom presteskapet og allmugen.

Dei to sakene mot geistligheten er retta mot presteskapet. Den eine går direkte på inntekta til presten, mens den andre går på betaling av varer til kyrkja, som innsendaren meiner er for høg.⁹⁴ Den siste klagan mot embetsmenn er retta direkte mot borgarmeisteren i Stavanger. Borgarmeister Knutsson har fått allmugen imot seg ved å stenge Sunndalselva så ingen laks kjem opp der, samt å bruke fiskeriet langt over det han har lov til.⁹⁵ Her har Knutsson tydleg teke seg til rette, og stengt ei elv for å tene pengar ved fiskeriet. Hans handlingar har gått ut over fellesskapets moglegheit til fiske i elva, og supplikken ber om at Knutsson straffast for sine handlingar.

⁹² Imsen 1990: 86

⁹³ Njåstad 1994

⁹⁴ NHD Tillegg: 351 og 363

⁹⁵ NHD Tillegg: 354-355

3.5 Oppsummering embetsmenn

I supplikkmaterialet til Herredagen 1631 er over ein tredjedel av saksforholda retta direkte mot øvrigheitspersonar og deira skjøtte av embetet. Blant embetsmenna er eit klart fleirtal av sakene retta mot fogdeembetet. Fogden hadde i perioden ansvar for innkrevjing av skatt, og utnytta ofte si stilling til eiga vinning. I sakene retta mot fogden er dei fleste av sakene retta mot innkrevjinga og om eigedomsmisbruket. Ein ser at dei fleste individuelle supplikkane som var retta mot fogden, var om ulike eigedommar, der fogden hadde gjort overtramp. Dei kollektive klagane var retta mot embetsføringa til fogden, ofte i form av innkrevjing eller andre forhold. Det var ikkje berre fogden som fekk klagar mot seg i sitt arbeide med innkrevjing, der var og ulike spesialiserte ombodsmenn godt representert i supplikkmaterialet med heile sju større kollektive klager retta mot seg. Kort oppsummert kan ein seie at ombodsmenn og fogdane brukte sitt embete til økonomisk vinning, som førte til at allmugen sendte inn eit stort antall klager.

Lagmannen var og ein sentral person i klagane mot embetsmenn. Naturleg nok handlar klagane om ei eller anna form for dom, enten i forhold til eigedom, eller at dei har dømt feil i fleire ukjente saker. Utanom lagmenn, fogdar, og ombodsmenn var det to klager mot prestar, og ei mot borgarmeistaren i Stavanger. Saksomfanget på 36 klager mot embetsmenn viser spesielt at fogdane, lagmenn og spesialiserte ombodsmenn utnytta stillinga for eiga vinning. Supplikkane hadde som regel eit økonomisk fokus, ved at embetsmenna tok for mykje i innkrevjinga, eller maktmisbruk på lokalt plan, enten i form av handel, eller eigedom. At presteskapet ikkje hadde fleire saker mot seg, gjev eit bilet av at det ikkje var store problem mellom geistligheten og allmugen i åra fram mot 1631. Samla for supplikkane om embetsmenn er at alle klagane er retta mot skjøtte av embetet, ikkje embete i seg sjølv. Det verkar difor som allmugen forstod embetsoppgåvene, men klagar på ulike embetsmenns skjøtte av embete. Geografisk sett kan ein sjå samanheng mellom embetsmenn og kvar dei skytte embetet sitt. Karre og Hansson, som både fekk fleire klager retta mot seg frå deira område, tyder på at dei kom på kant med lokalsamfunna, både allmugen og enkeltpersonar. Dei resterande supplikkane om ulike embetsmenn er meir spredt utover landet.

Det er også interessant at det ikkje var ei einaste klage mot lensherrane frå Herredagen 1631. I fleire saker er lensherren heller omtala positivt, spesielt Oluf Parsberg.⁹⁶ Parsberg var i tida lensherre i Trondheim len.⁹⁷ At lensherren ikkje fekk ein einaste supplikk mot sin utførsel av embetet kan forklarast på fleire måtar. Det er mogleg at lensherren var med på tinget i sakene som omhandla dei, og gjorde at saka ikkje kom vidare til Herredagen. Eva Österberg har i sitt arbeid med Sverige og Finland peikt på at supplikkane gjekk gjennom embetsmenn, og difor kan ha vorte påverka av lensherrane.⁹⁸ Lensherrane kan difor ha vore med å prega innhaldet i supplikkane, og at klagane retta mot seg sjølve ikkje gjekk heile vegen til Herredagen. Det er også mogleg at lensherrane faktisk oppførte seg og skjøtte sitt embete på ein ryddig og ordentleg måte. I *Bondemotstand i Trøndelag ca.1550-1600*, fant Njåstad fleire klager retta direkte mot lensherren.⁹⁹ At det i 1631 ikkje er ei einaste klage mot lensherrane rundt omkring i landet, kan vise at kongen kanskje hadde strengare kontroll over sine embetsmenn i Norge, eller at fogdane fekk skulda for å utføre arbeidet til lensherrane. Ved at det var fogden som utførte skatteinnkrevjinga for lensherrane, er det også truleg at det var fogdane som vart «syndebukk» i dei økonomiske klagane frå allmugen, noko det store saksantallet retta mot fogdane kan vere med å bekrefte.

⁹⁶ NHD Tillegg: 319 og 329: Både Greger Pedersson Stadell og Maren Olsdatter omtaler Parsberg på ein positiv måte og gjev inntrykk av at lensherren på Nordmøre er ein ærleg og ryddig lensherre.

⁹⁷ Henta 04.05.16 frå: Norsk biografisk leksikon. *Oluf Parsberg Til Jernit Og Palstrup*
https://nbl.snl.no/Oluf_Parsberg_Til_Jernit_Og_Palstrup

⁹⁸ Blickle, Ellis og Österberg 1997: 130

⁹⁹ Njåstad 1994: 52

Kapittel 4. Statens krav

Av dei 93 supplikkane innsendt til Herredagen i 1631 tok 34 av dei opp ulike statlege krav. Etter klager på embetsmenn var supplikkar i forhold til skatter, avgifter, pliktarbeid og militære ytingar den kategorien med flest saksforhold. Av dei 34 supplikkane om statens krav var heile 33 av dei kollektive klagar. Det skapar eit bilet av at større grupper gjekk saman når dei skulle henvende seg til sentralmakta angåande økonomiske forhold og misnøye med krava frå staten. I dette kapitlet skal eg drøfte kva saker som gjekk igjen i supplikkane, og kva dei kan seie om kva krav staten stilte til allmugen i Norge åra før 1631.

4.1 Skatter og avgifter

Klager på ulike skatter og avgifter gjekk igjen i svært mange av supplikkane som kom inn til Herredagen i 1631. Heile 27 av dei 34 supplikkane som tok for seg statens krav, hadde ei klage retta mot ulike skatter og avgifter.¹⁰⁰ Av dei 34 supplikkane som omhandla statens krav tok heile 20 av dei opp skattenivået, eller landskatten.¹⁰¹ «Menige allmue vdi Herdalls fougderi lader wnderdanigst anhollde om nogen forschonßell for schatt»,¹⁰² og «Schattenn att maatte opeberges effter som formuen och gaarderne ere gode till»,¹⁰³ er to typiske eksempler frå kjeldematerialet som viser at supplikksendaren hadde eit ønskje om forlindring med skatten, eller at skatten bør settes til det gardane er gode til å betale. At heile 20 av 34 supplikkar tek opp skattenivået på landskatten, fortel at folk var misnøgde med den høge skatten. Dette kan forklarast med auking av skattane utover 1600-talet.

På slutten av 1500-talet var skattlegginga av befolkninga i Norge lav. Når den utover 1600-talet auka mykje, var i det i stor grad nye skattar grunna krigføringa som gjorde utslag. Sjølv om dei tradisjonelle lensinntektane auka noko, var det nye skatter og toll som gjorde det verkelege utslaget på inntekta til statskassa. I krigstid trong kongen ekstra inntekt for krigføringa, og sidan det var fleire krigar på starten av 1600-talet fekk Norge kjenne presset for å betale meir i skatt. Hovudskatten, den ekstraskatten som fekk namnet landskatt, vart frå 1620-talet årleg.¹⁰⁴ Mellom 1625-1629, under keisarkrigen, auka det årlege skatteuttaket til

¹⁰⁰ NHD Tillegg: 338-340, 342-361, 364, 367 og 369-370

¹⁰¹ NHD Tillegg: 338, 340, 342-359, 361, 367 og 370

¹⁰² NHD Tillegg: 343

¹⁰³ NHD Tillegg: 358

¹⁰⁴ Moseng, Opsahl, Pettersen og Sandmo 2003: 127

det nivået det hadde vore under Kalmarkrigen, eit drastisk auke for det norske folk.¹⁰⁵ Den harde skattinga av folket i åra før Herredagen 1631, gjer det naturleg at fleire supplikkar tek opp skatten i sine bøner. Sverre Steen poengterer at det var bøndene som vart hardast ramma av krigane på 1600-talet. Dei måtte bidra med tyngre skatter, økt arbeid og personleg krigsteneste.¹⁰⁶ Ved at bøndene og allmugen måtte bidra på ulike plan, var forlindring med skatten kanskje eit enkelt ønskje å sende inn. Sidan pliktarbeid og bidrag til militære tenester truleg ikkje var lett å komme unna, var det å få forlindring med skattenivået noko suppliksendarane hadde håp om å få innfridd.

Forutan den nye årlege landskatten var det dei tradisjonelle inntektene som fekk flest klagar mot seg. Heile ni supplikkar var retta mot jordebokavgifter, i form av landskyld eller bygselsavgifter.¹⁰⁷ Landskyld og bygselsavgifter er ikkje skatt, men privat leigeavgift.¹⁰⁸ Etter reformasjonen i 1537 vart krongodset sterkt utvida, og på slutten av 1500-talet reknar ein med at ca. 80% av gardbrukarane i Norge var leiglendingar, enten til sentralt eller lokalt krongods.¹⁰⁹ Med andre ord hadde staten ei stor inntektskjelde ved landskyld, bygsel og tredje-årstak over sitt krongods. Av dei ni supplikkane som går på jordebokavgifter tek fleire av dei opp landskyld. Supplikken frå allmugen på Sunnmøre er eit eksempel: «Beßuerer sig derres gaarder paa landschylld at werre satt for høyt».¹¹⁰ Dei andre supplikkane viser og til at landskylda er for høg. Rolf Fladby har påpekt at inntektene frå landskylda auka på 1500-talet, men at det ikkje var grunna at prisen på landskylda auka, men folkeauke og etterspørsel etter ny jord som var hovudgrunnen. Fladby nemner og at det var vanskeleg å få endra landskylda når den alt var fastsett på ein gard.¹¹¹ At det var vanskeleg å få endra landskylda var kanskje ein av grunnane til at det vart sendt inn fleire supplikkar som tok opp for høg landskyld.

Det var ikkje berre landskylda som vart teke opp i dei ni supplikkane som omhandla jordebokavgifter, også bygselen var flittig nemnd. Sju supplikkar tek opp for høg bygsel, da truleg førstebygsel, mens ei sak og nemner tredje-årstak.¹¹² Fellestrekket ved klagane er at dei klagar på for høg bygsel. Førstebygsel var ei avgift av dei som bygsla burt garder, mens

¹⁰⁵ Rian 1995: 158

¹⁰⁶ Steen 1935: 378

¹⁰⁷ NHD Tillegg: 344, 347-348, 353-361 og 364

¹⁰⁸ Njåstad 1994: 57

¹⁰⁹ Rian 1995: 78

¹¹⁰ NHD Tillegg: 358

¹¹¹ Fladby 1977: 85-86

¹¹² Sjå NHD Tillegg: 344, 347-348, 355-358, 360-361 og 364 for ulike eksempel på supplikkar som klagar på for høg bygsel.

tredje-årstak var meir ei fornyingsavgift som vart kravd kvart tredje år, da leieforholdet skulle fornyast.¹¹³ Som tabellane både i *Aschehougs Norgeshistorie*, og *Norsk Historie* viser, var det ikkje inntektene frå dei tradisjonelle lensinntektane som auka mest i perioden.¹¹⁴ Det var i stor grad nye skatter og tollen som gjorde eit drastisk hopp. At det likevel var klager retta mot bygselen kan tyde på at den til tider kan ha vorte sett for høg. Sidan det var vanskeleg å få endra bygselen når den fyrst var fastsett, kan det hende at ein måtte heilt opp til Herredagen for å få gjennomslag for endringar av denne form for avgift på krongods.

Den siste tradisjonelle lensinntekta som er nemnd i supplikkane er tienden. Alt i alt var det fem supplikkar som tok opp tienden som eit eige punkt.¹¹⁵ To av supplikkane klager på tiendekorn, der den eine saka ber om forskåning med kronens tiendekorn grunna frost i bakken, mens den andre truleg klager over å måtte betale tiendekorn.¹¹⁶ To supplikkar klager og på kvegtienden.¹¹⁷ Ei sak klagar på fleire forhold ved inntekta til kyrkja, og tienden er ei av dei,¹¹⁸ mens to av sakene og nemner tienden som eit eiga punkt, i tillegg til kvegtienden eller korntienden.¹¹⁹ Tienden, som hadde vore ein integrert del av skattesystemet i hundre år, var nok ikkje noko allmugen var prinsipielt imot. Sjølv om det var ueinigheiter med kven tienden skulle gå til etter 1537, da bondeluten vart fjerna, var truleg tienden ein godteke skatt blant samfunnet i perioden.¹²⁰ At det var fem supplikkar som tok opp tienden, kan truleg ha samanheng med avlingane i perioden og høg innkrevjing av tienden. Som argument i supplikken frå allmugen ved Jemtland forklarer, var det frost og dårlig avling som var argumentet for forskåning i form av tiendekorn.¹²¹

Av dei 34 supplikkane om statens krav var det tre supplikkar som tok opp tollen, som ein del av klaga. Den eine supplikken tek opp både lagmannstollen og toll på hest og kveg som supplikksendar meiner er sett for høg.¹²² I tillegg er det enda ei klage som tek for seg

¹¹³ Rian 1995: 78 og 108

¹¹⁴ Moseng, Opsahl, Pettersen, og Sandmo 2003: 124 og Rian 1995: 159

¹¹⁵ NHD Tillegg: 338-340, 342-344, 346-347

¹¹⁶ NHD Tillegg: 340 og 344

¹¹⁷ NHD Tillegg: 342 og 346

¹¹⁸ NHD Tillegg: 338-339

¹¹⁹ NHD Tillegg: 344 og 346

¹²⁰ Rian 1995: 79

¹²¹ NHD Tillegg: 340

¹²² NHD Tillegg: 343-344 Lagmannstoll var ei årleg avgift som folk var pliktige til å betale lagmannen. Henta 11.03.2016 frå: Norsk historisk leksikon. *Lagmannstoll* <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Lagmannstoll>

lagmannstollen,¹²³ mens den siste supplikken omhandlar toll på landvarer.¹²⁴ Dette kan forklarast med ei drastisk auke i tollsatsane utover 1600-talet.¹²⁵ Sjølv om tollsatsane auka, sleit kongen med å krevje inn tollen, og apparatet rundt tollinnkrevjinga var ikkje spesielt godt utarbeidd før utover 1630-åra.¹²⁶ Dette kan vere med å forklare at det ikkje var meir enn tre saker som klaga på tollen. Utanom klagane på for høg toll var det og tre supplikkar som klaga på aksise.¹²⁷ Aksise var innføringstollen på øl og vin til byane, som gjekk til statskassa.¹²⁸

Fleire av supplikkane tok opp skatt på andre forhold. Av desse sakene var to av dei om skatt på fiske, ei om drengeskatt, og den siste om skatt på sager.¹²⁹ Staten, med eit stadig aukande behov for høgare inntekt, ville naturleg nok ha inntekt av ulike næringar. Både tollen og skattane auka på næringsdrift på 1600-talet, og det er truleg dette som gjer at det vart sendt inn klagar retta mot skatt på fiske/sager og drengeskatt.¹³⁰ Steinar Gjersvoll har påpeikt at deltakinga i 30-årskrigen gjorde at Kristian 4. auka tiendeskatten på produsert trevare, samt auka skatten på den enkelte sag.¹³¹ Dette førte til at sagbruket vart mindre lønnsamt og kan vere med å forklare supplikken som tek opp dette. Utanom klager på desse skattane knytt til næringsdrift var det ei klage på odelsskatt, ei om degnepengar til skulen, og ei siste om betaling til kyrkja.¹³² Variasjonen i klagane retta mot ulike skatter og avgifter, viser at det var mange ulike forhold som allmugen i Norge var misnøgd med.

4.2 Pliktarbeid

Av dei 34 supplikkane om statens krav tok ni av dei opp ulike typar pliktarbeid. Det var ikkje berre skatter og avgifter som var til bry for allmugen på starten av 1600-talet. Sverre Steen påpeiker at pliktarbeid var viktige ytingar for kongen og staten. I tida fram mot 1640 måtte bøndene arbeide for staten, tene staten og skatte til staten i større grad enn tidlegare. Både gjennom tyngre skatter, pliktarbeid og personleg krigsteneste. Pliktarbeidet var ikkje betalt,

¹²³ NHD Tillegg: 344

¹²⁴ NHD Tillegg: 342-343

¹²⁵ Rian 1995: 158-159

¹²⁶ H. Jørgensen, *Det Norske Tollsvesens historie. Fra middelalderen til 1814*, Oslo 1969: 42-78

¹²⁷ NHD Tillegg: 342-345 og 369

¹²⁸ R. Fladby, S. Imsen og H. Winge, *Norsk Historisk Leksikon*, Oslo 1974: 11 Vidare i oppgåva vil eg bruke forkortinga «NHL».

¹²⁹ NHD Tillegg: 338, 342-343, 360 og 364

¹³⁰ Moseng, Opsahl, Pettersen og Sandmo 2003: 129-130

¹³¹ S. Gjersvoll, *Sagbruk i Orkdal 1610-1635*, Masteroppgåve Trondheim 2015: 25-26

¹³² NHD Tillegg: 338, 367 og 370 Degnepengar var ei fast avgift som gjekk til skulen. Henta 14.03.16 frå: Norsk historisk leksikon. *Degnepenger* <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Degnepenger>

og tok difor av bøndenes og allmugens arbeidstid.¹³³ Pliktarbeidet hadde ulike former. Det kravdes at folk skulle bidra i festningsbygging, holde bruer og veger ved like, arbeide på berg og saltverk, utføre pliktleveranse av ulike typar varer, samt frakt og hushald av embetsmenn. Alt i alt var det store krav og eit tidkrevjande omfang av pliktarbeid som vart forlanga av allmugen utover 1600-talet.¹³⁴

Av dei ni supplikkane som handla om pliktarbeid tek tre av dei opp skyssferd/foringsskap, samt to av dei foring.¹³⁵ Skyssferd/foringsskap av embetsmenn var ein pliktytelse bøndene hadde ovanfor konges embetsmenn.¹³⁶ Foring, eller gjesteri var ein innarbeidd skatt i Norge på 1600-talet, men starta eigentleg som ein plikt til å ta imot hestar til foring, eller til å underholde slottsmannskap.¹³⁷ På 1600-talet var det etablert som ein pengeskatt, der dei som ikkje ytte foring måtte betale skatt.¹³⁸ Supplikkane om foringsskap, eller skyssferd, klaga på «wtilbørllig foringschab» eller liknande formulering.¹³⁹ Det er altså ikkje foringsskapet i seg sjølv som klaga var retta mot, men omfanget av skyssferda. Eksempelvis bad allmugen i Lærdal om å få vere friteke for utlegg for båtsmannpengar, samt forlindring på garnisonsskatt, og grunnar det med det store arbeidet dei har med «mange fieldreiser, natt och dag med foringschab och schydsferd, naar hans maytts schattepenge schall der igjenom till Danmarch».¹⁴⁰ Allmugen ber ikkje om å få sleppe skyssferd, men fortel om det store arbeidet dei har med det, og ber difor om å få sleppe å betale båtsmannpengar og garnisonsskatt grunna det store arbeidet dei har med frakt og natthold av kongens menn.

Allmugen var pålagt å yte visse tenester til kongen og sentralmakta, men ein ser her at påkjenninga for delar av landet kan ha vorte i overkant stor. Som tidlegare vist hadde ulike embetsmenn utnytta allmugen på ulike måtar, blant anna gjennom for store krav om skyssferd. At det difor kjem klager som tek opp for høg foringsskap/skyssferd er difor ikkje unaturleg. I dei to klagane som tek opp foring, handlar den eine om foring av kongens slaktefe,¹⁴¹ mens den andre klagan «Beklager sig offuer foringen».¹⁴²

¹³³ Steen 1935: 378-380

¹³⁴ Steen 1935: 365-367

¹³⁵ NHD Tillegg: 344-345, 350, 359 og 364-365

¹³⁶ Rian 1995: 78-82 og NHL 1974: 98

¹³⁷ Fladby 1977: 86

¹³⁸ NHL 1974: 98

¹³⁹ NHD Tillegg: Sitat frå 345. Sjå 364 for eit anna eksempel på klage på foringsskap.

¹⁴⁰ NHD Tillegg: 365

¹⁴¹ NHD Tillegg: 350

¹⁴² NHD Tillegg: 359

Staten kravde og at nordmenn skulle levere ulike varer. Frå Herredagen 1631 var det ein supplikk med klage på levering av tømmer,¹⁴³ mens ein annan tek opp leveranse av tran.¹⁴⁴ At bøndene måtte bidra med leveranse av ulike råvarer som staten trong, er noko både Steen og Fladby har påpekt. Bondesamfunna måtte bidra på fleire ulike plan, og leveranse av råvarer til ulike prosjekt var eit av krava.¹⁴⁵ Forutan leveranse av tømmer og tran var det forventa at allmugen skulle bidra med bygging og vedlikehald. Reparasjon og vedlikehald av kyrkjebygg er truleg eit arbeid som lokalsamfunna hadde ansvar for. To av supplikkane om pliktarbeid klagar på reparasjon av kyrkjer.¹⁴⁶ Den frå Snåsa er spesielt interessant. Her verkar det som om bøndene på Snåsa har teke på seg å vedlikehalde deira kyrkje mot at dei får ein prest som skal halde gudstenester for dei. Dette vart bestemd under reformatsen i 1589, og nå 40 år etterpå er kyrkja falleferdig.¹⁴⁷ Her har bøndene sluntra unna sine plikter med vedlikehald av eiga kyrkje, og fortel «wj fattige mennd icke denn thid eller stund» til å reparere kyrkja.¹⁴⁸

Forutan dei to klagane mot reparasjon av kyrkjebygg var det ei sak om vedlikehald av vegar og bruer, der allmugen ved Sigdal prestegjeld ikkje lenger vil vedlikehalde Kongsbergs vegar og bruer.¹⁴⁹ Den siste saka som går under pliktarbeid er ei sak om bygging av eit salpeterverk.¹⁵⁰ «Allmuen wdi Nordfjord lehn begierer wnderdanigst at maatte forschaanes for salpeiterladens opbygning:». ¹⁵¹ Her er det tydleg at allmugen ved Nordfjord vil sleppe å vere med å sette opp salpeterverket på dugnad. Eit slikt prosjekt tok truleg mykje arbeidskraft og at bøndene ville sleppe er forståeleg ved at dei heller vil bruke tida på eigne næringar.

¹⁴³ NHD Tillegg: 350

¹⁴⁴ NHD Tillegg: 338

¹⁴⁵ Steen 1935: 367 og 378 og Fladby 1977: 325

¹⁴⁶ NHD Tillegg: 312-316 og 340-341

¹⁴⁷ A.M. Hamre (utg.), *Trondhjems reformats 1589 Oslo domkapittels jordebok 1595*, Oslo 1983: 49: Allmugen ved Snåsa hadde teke på seg vedlikehald av kyrkjebygget mot at dei fekk ha presten sjå seg. NHL 1974: 266: Reformats blir ofte brukt i forbindelse med kyrkjelege forhold, etter reformasjonen og utover 1600-talet.

¹⁴⁸ NHD Tillegg: 313

¹⁴⁹ NHD Tillegg: 350

¹⁵⁰ Salpeter, eller kaliumnitrat, vart brukt i svartkrut og fyrverkeriproduksjon. At det vart brukt til krut kan tyde på at kongen ville sette opp eit anlegg for å skaffe salpeter til krigføringa i perioden. Henta 11.02.16 frå: Norsk historisk leksikon. *Salpeter* <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Salpeter>

¹⁵¹ NHD Tillegg: 360

4.3 Militære tenester

Av dei 34 supplikkane om statens krav tok 19 av dei opp militære tenester. I dei 19 supplikkane var garnisonsskatten nemnd ni gonger.¹⁵² Garnisonsskatten var ein militær særskatt som vart påbode i 1627, og innkravd kvart år fram til 1643.¹⁵³ Nordmenn var truleg vant med å måtte betale ekstra når landet var i krig. At garnisonsskatten vart innført som ein årleg skatt, uavhengig om Danmark-Norge var i krig vekka tydleg sterke reaksjonar. Dei ni supplikkane som tek opp garnisonsskatten ber om forlindring, eller å sleppe å betale garnisonsskatten. Som tidlegare nemnd auka skattenivået generelt mykje på starten av 1600-talet, og at det norske folk også måtte bidra med ein egen skatt til ein norsk hær føltes nok urimeleg.

Nest etter klager retta mot garnisonsskatten var det sju av supplikkane som tok opp bidrag til orlogsskip.¹⁵⁴ Bidrag til den norske flåte var ikkje noko nytt for nordmenn. Heilt frå 1500-talet var det forventa at allmugen i Norge skulle utruste skip med nødvendig proviant, mannskap og anna utstyr.¹⁵⁵ Fladby forklrarar at det var motstand mot utskrivinga til orlogsskip på 1500-talet, og det er truleg at denne motstanden ikkje var mindre rundt 1630, da Danmark-Norge hadde vore i krig fleire gonger dei siste tiåra. Allmugen starta truleg å merke det samla presset, både i form av auke i skatter og avgifter, saman med større krav til deltaking i militæret.

Skipsskatten var nemnd tre gonger i supplikkmaterialet til Herredagen 1631.¹⁵⁶ Skipsskatt er ein ekstraskatt som vart utskreve for å dekke utgifter ved bygging av krigsskip.¹⁵⁷ Alle dei tre supplikkane klager på omfanget av skipsskatten. Utanom klager på skipsskatten var det og fire supplikkar som tok opp utskriving.¹⁵⁸ Tre av desse klagar på utskriving av drenger, der dei ber om å få sleppe å utskrive drengane deira. Den fjerde supplikken om utskriving går på utskriving i fredstid: «Begier wnderdanist at maatte forschaanes for wdneffn i freds tiid, erbyder dennom den at wdgiffue i feidetiid».¹⁵⁹ Det verkar som om allmugen i Norge såg seg lei alle krava om militære tenester utover 1600-talet, både skattane, orlogsskip og utskriving.

¹⁵² NHD Tillegg: 340, 342-343, 346, 349, 350-351, 356-358 og 364-365

¹⁵³ NHL 1974: 107

¹⁵⁴ NHD Tillegg: 337-338, 342-344, 346 og 369

¹⁵⁵ Fladby 1977: 78-79

¹⁵⁶ NHD Tillegg: 344-345, 359 og 363

¹⁵⁷ NHL 1974: 298

¹⁵⁸ NHD Tillegg: 337-338, 352-353 og 367

¹⁵⁹ NHD Tillegg: 338

At heile 19 av 34 supplikkar om statens krav tek opp militær tenester eller skatter, fortel noko om krigspolitikken i perioden som og prega Norge. Danmark-Norge var i fleire krigar på starten av 1600-talet, og økonomien var nok sterkt prega av krigsperiodane og opprusting til krig. Behovet for bidrag frå det norske folk var truleg svært viktig for kong Kristian 4. i perioden før 1631.¹⁶⁰ Den aukande deltakinga i ulike stridigheter gjorde at Danmark-Norge fekk større behov for eit fungerande militært system, både med hæren og flåten. Rian har presisert det aukande presset på nordmenn, spesielt gjennom skatter og avgifter.¹⁶¹ Saman med eit aukande krav i forhold til militære tenester vart det stort press på allmugen. Dette er truleg grunnlaget for at heile 19 av 34 supplikkar om statens krav tek opp militære ytingar.

4.4 Oppsummering statens krav

Statens krav var eit viktig tema i supplikkane som vart innsendt til Herredagen i 1631. Nest etter klager mot embetsmenn, har klager og ønskjer retta mot statens krav den største andelen av supplikkar. At 34 av 93 supplikkar tok opp krav staten stilte til det norske folk, viser tydleg at allmugen var oppteke og bekymra for fleire av forholda i Norge i åra før 1631. Aukinga av skattenivået, både i form av ulike skattar, avgifter og toll på starten av 1600-talet, førte til misnøye sjå allmugen. At heile 27 av dei 34 supplikkane tok for seg klager eller ønskje om forskåning i form av skattelettels, eller andre forespørslar i forhold til toll og avgifter, fortel om eit samfunn som var lite tilfreds med skattenivået og deira aukande bidrag til statskassa. Det var klart flest klager retta mot landskatten. Deretter var det og eit vesentleg antall mot eigedomsskatter og avgifter, i form av bygsel og landskyld. Klagestrømmen mot auke i skatter og avgifter heng truleg saman med utviklinga av innkrevjingsapparat på 1600-talet, samt eit aukande behov for meir inntekt til statskassa grunna krigføringa.

Forutan klagane retta mot skatter og avgifter var det og fleire som tok for seg pliktarbeid. Her var saksforholda noko varierande og ikkje like omfattande. Allmugen klaga på leveranse, reparasjon av kyrkje, skyssferd/foringsskap, foring, vedlikehald av bruer og vegar, samt bygging av eit salpeterverk. Kort oppsummert kan ein seie at det var variasjon i kva pliktarbeid som var problematisk for allmugen rundt omkring i landet. At ni av supplikkane tek opp ulike former for pliktarbeid er med å fortel noko om at det ikkje berre var skattane

¹⁶⁰ Sjå Moseng, Opsahl, Pettersen og Sandmo 2003 og Rian 1995 for meir informasjon om krigføringa som Danmark-Norge deltok i under perioden.

¹⁶¹ Rian 1995: 158-161

som tynga folket i perioden på 1600-talet.

Til slutt i gjennomgangen av supplikkane om statens krav kom det fram at militære tenester også var framtredande i kjeldematerialet. At heile 19 saker nemnde ulike militære tenester som problematiske eller urimelege, fortel noko om krava til nordmenn på starten av 1600-talet. Sentralmakta forlanga at dei skulle stille med orlogsskip, betale garnisonsskatt og skipsskatt årleg, samt å skrive ut drengar til militær teneste. Alt i alt måtte det norske folk bidra med skatter, arbeidskraft, og ressursar til krigføringa, som i stor grad Danmark stod for. Sjølv om Danmark-Norge var eit rike, var nok det militære presset på den norske allmuge noko vanskeleg å gjennomføre. Som kjeldematerialet viser var ikkje nordmenn spesielt tilfreds med presset om bidrag i form av militære tenester og skatt. Det er og interessant at 33 av dei 34 supplikkane var kollektive og sendt frå større grupper. At 33 av dei 49 kollektive supplikkane frå Herredagen i 1631 tek opp statens krav, viser at den norske befolkninga følte på det økonomiske presset frå sentralmakta. Dette førte til at nordmenn gjekk saman i større grupper når dei skulle klage over krava staten stilte til dei.

Kapittel 5. Andre saksforhold

Dette kapitlet skal ta for seg dei sakene som ikkje omhandla statens krav eller embetsmenn. Sidan det var eit større antall med saker om eigedom, økonomiske privileger, betaling og lovbrofårtar som alle eige kapittel. Til slutt vil det vere ei kort oppsummering av dei sakene som var særeigne. Supplikkane om eigedom, betaling og lovbrofårtar var alle individuelle, mens klagane om økonomiske privileger i stor grad var kollektive.

5.1 Eigedom

Av dei 93 supplikkane som vart innsendt til Herredagen i Bergen 1631 var tolv av dei om eigedom. Samtlege av desse var individuelle supplikkar og hadde noko ulikt innhald. Supplikkane om eigedom handlar naturleg nok om eigerett til ulike eigedommar, med eit klart fokus på garder og jord. Av dei tolv supplikkane var tre av dei frå Jemtland og er av ekstra interesse.

Jemtland, som del av Danmark-Norge på starten av 1600-talet, var eit grenseområde mellom Norge og Sverige. Under Kalmarkrigen frå 1611-1613 hadde mange jemtar sverga truskap til den svenske kongen og vart straffa i rettsoppgjøret etter krigen. Janrik Bromé har i *Jämtlands och Härjedalens historia. Andre delen 1537-1645*, teke for seg Jemtlands historie frå 1537-1645.¹⁶² Bromé har i arbeidet med Kalmarkrigen, eller Baltzarfeiden, påpeikt uviljen blant folket til å kriga mot nabolandet. Jemtland, som eit område med grense mot Sverige, hadde manglande krigsinnsats under Kalmarkrigen og dette førte til eit kraftig rettsoppgjør i 1613. Det jemtske bondesamfunnet mista gamle privileger, mange vart dømt fredlause, og det vart gjort ei stor konfiskering av odelsgods.¹⁶³ At deler av bondesamfunnet i Jemtland vart straffa med tap av eigedom førte til klager i årevis etterpå.¹⁶⁴ Forutan Bromé har Espen Andresen gjort eit større arbeid om Jemtland i si hovudoppgåve i historie. I *Landskap og maktstat. Jemtland 1613-1645* har Andresen gjort fleire funn rundt eigedomsforhold i Jemtland i perioden før 1631.¹⁶⁵ Andresen har observert at uviljen mot å kriga blant det jemtske folk, førte til odelsjordkonfiskasjon og at mange vart dømt fredlause. I tiåra etter 1613 var det

¹⁶² J. Bromé, *Jämtlands och Härjedalens historia. Andre delen 1537-1645*, Stockholm 1945

¹⁶³ Bromé 1945: 273-277

¹⁶⁴ Rian 1995: 151

¹⁶⁵ E. Andresen, *Landskap og maktstat*, Östersund 2000

mange saker frå Jemtland som tok opp eigedom, og det verkar som odelskonfiskasjonen prega og tynga det jemtske bondesamfunnet økonomisk. Klagane som kjem fram i Herredagen 1631, heile 18 år etter rettsoppgjeret etter Kalmarkrigen, vitnar om at tapet av eigedommane i Jemtland fortsatt var aktuelle. Av dei tre sakene om eigedom i Jemtland vil to av dei ha tilbake eigeretten på jord som er konfiskert og gjort om til krongods.¹⁶⁶ Både supplikkane ber om å få eigeretten tilbake på godset som er lagt under krona. Den siste av dei tre sakene ber om å få bevilga ein gard for lovleg landskyld, etter at han sjølv er benåda. I denne supplikken kjem det ikkje fram at det har vore noko konfiskering av gods, men at Christen Rasmusson har vorte benåda og vil ha ein gard å drive.¹⁶⁷

Dei resterande ni sakene om eigedom hadde noko ulik bøn eller klage. Eigerett på gard eller jord var ein gjenganger i fleire av supplikkane. Ei sak ber om lov til å kjøpe ut slektningar for å skaffe seg full eigerett på garden.¹⁶⁸ To av dei andre supplikkane ber om å få garden tilbake; den eine etter eit drap,¹⁶⁹ den andre etter feil arrestasjon.¹⁷⁰ Forutan ønskje om å få tilbake garder er det og ei sak om eigeretten på ein del av ein gard etter eit dødsfall.¹⁷¹ Markus Pedersson, sogneprest i Ryfogdet, har og eit ønskje om eigedom: «hannd maatte beuilges en gaard kalldes Øxtra for louglig bøxell och aarllig affgiffit naar denn ledig bliffuer».¹⁷² Her er det ikkje noko form for ulovlege forhold eller hendingar i forhold til eigedom, men eit enkelt ønskje om å få eigeretten på ein gard når den blir ledig. Herredagen var som nemnd ikkje berre ein arena for klagar, men også appelldomstol. Dette gjorde at det kom inn bøner som tok opp ulike ønskje, utan noko form for klage i innhaldet.

Dei siste fire supplikkane er svært forskjellige. Det er ei sak der Maren Pedersdatter klager på at ho blir fordrevet frå garden sin grunna ein slektning som påstår å vere nærmare beslekta, og difor har eigerett på garden til Maren.¹⁷³ Det er og ein anna supplikk som klager på overtredelse i forhold til eigedom. «Annders Hogenssenn beklager sig offuer Erland Thorbenßen, aff hannom paa hanns jord stoer indpaß att schee,».¹⁷⁴ Kven personane er, eller kva supplikken eigentleg handlar om, er uvisst. Men det verkar som at Erland tek seg til rette

¹⁶⁶ NHD Tillegg: 333-334 og 339-340

¹⁶⁷ NHD Tillegg: 341

¹⁶⁸ NHD Tillegg: 331-332

¹⁶⁹ NHD Tillegg: 354

¹⁷⁰ NHD Tillegg: 367

¹⁷¹ NHD Tillegg: 356

¹⁷² NHD Tillegg: 349

¹⁷³ NHD Tillegg: 337

¹⁷⁴ NHD Tillegg: 353

på eigedommen til Anders. Den nest siste saka handlar om eigedom i forhold til ein prestegard,¹⁷⁵ mens den siste supplikken er om at fleire personar mistar eigedommen sin til bygging.¹⁷⁶ Dei har mista eigedom til eit byggingsprosjekt, og ber om å få oppreisning gjennom jord andre stader.

5.2 Økonomiske privileger

I kjeldematerialet var det 20 supplikkar som tok opp ulike privileger.¹⁷⁷ Av desse var 17 kollektive supplikkar, mens berre tre individuelle supplikkar hadde klage/bøn retta mot ulike privileger. I desse supplikkane var forespørserna ofte retta mot ulike økonomiske forhold. Ulige handelsprivileger og rettigheter, eller konfliktar med borgarar og framande går igjen. Ein supplikk frå borgermeister, råd og borgarskapet i Bergen tek opp fleire ulike ønskje i sin supplikk og vil difor bli nemnd fleire gonger i dette kapitlet.¹⁷⁸

Av dei 20 supplikkane som eg har valt å behandle som økonomiske privileger tek elleve av dei, over halvparten, opp handel og ulike handelsrettigheter. Alle supplikkane retta mot handel var kollektive klager sendt frå større grupper. Ein gjenganger i supplikkane om handel er ønskje om fortsatt å nyte ulike privileger. Fire saker tek opp privileger som eit ønskje i supplikken. Utværingane på Nordmøre er eit eksempel:

*«wij fattige folck matte nyde worþ gamelle preuiliger oc retighed som aff gamell areldz thid weherett haffuer oc dragge jnd thill Jndherettet, der att kiøbe oþ fattige folck mell oc korenn till woreþ huþeþ fornødenhed».*¹⁷⁹

Det er tydleg at utværingane ber om å få nyte gamle privileger, og moglegheita til å reise for å kjøpe mjøl og korn til sitt hushald. Dei tek og opp leveranse av fisk i sin supplikk. Det er ikkje berre utværingane på Nordmøre som har sendt inn ein supplikk, det har også den menige allmuge ved Nordmøre gjort. Dei ber i sin supplikk om fri handling ved hamnene.¹⁸⁰ Allmugen på Fosen ber om å få moglegheita til fortsatt å bytte varer til sitt hushald,¹⁸¹ mens

¹⁷⁵ NHD Tillegg: 365

¹⁷⁶ NHD Tillegg: 368

¹⁷⁷ NHD Tillegg: 316-318, 321-323, 332-333, 337, 341-343, 346-348, 350-351, 353-354, 356-364, 367 og 369-370

¹⁷⁸ NHD Tillegg: 369

¹⁷⁹ NHD Tillegg: 317

¹⁸⁰ NHD Tillegg: 347-348

¹⁸¹ NHD Tillegg: 342-343

borgarmeisteren og borgarskapet i Bergen har ein lengre supplikk med mange ulike punkt.¹⁸² Dei ber blant anna om fri handtering mellom ulike kjøpsstadar.

Det var ikkje berre ønskje om ulike handelsprivileger som gjekk igjen i supplikkane. Heile seks av dei elleve supplikkane retta mot handel gjekk på klager, ofte retta mot framande, utlendingar eller borgarar. Tre av supplikkane tek opp klager retta mot borgarane.¹⁸³ Allmugen ved Sunnfjord len klager blant anna i sin supplikk på «huis de schall handle med borgerne, settes drenom saa dyre, tillmed bruger borgerne iche riktig tønder och allenmaall, drenom till stoer fortrengbell.»¹⁸⁴ Eit anna eksempel er borgarmeisteren og råd ved Fredrikstad som klagar på at Tønsbergs borgarar tek seg til rette imot deira handelsprivileger.¹⁸⁵ Den siste klagan retta mot borgerane forklarar korleis bergensborgarane tek seg til rette gjennom å forhindre handel og går imot deira privileger.¹⁸⁶

Dei tre neste klagane innanfor handel er retta mot framande, og deira tilstedeværelse og oppførsel. Stavangers meinige vil ha sine kjøpsstadar for seg sjølv og ber om at framande ikkje får innpass. Dei ber og om at eit marked i Stavanger skal bli forbode og avskaffa.¹⁸⁷ Markedet Stavangers menige vil ha avskaffa eit marked bøndene frå 1622 fekk kongens tillatelse til å halde i byen.¹⁸⁸ Tidspunktet for markedet til bøndene passa borgarane därleg, og dei vil nå ha det avskaffa. Vidare ber Bergens borgermeister og borgarskap i sin supplikk enkelt og greitt om at framande blir forbode.¹⁸⁹ Den siste saka frå bøndene ved Ørlandet ved Trondheim er noko meir spennande. Bøndene fortel her at dei: «besuerges med saldt och tre at forskaffue till hanns maytts: sallteri, saa och tilltinges med thrußel och slaug at føre det fraa en fiord och till en andenn».¹⁹⁰ I denne supplikken kjem det ikkje fram kven som truer og slår dei stakkars bøndene, men det er likevel truleg at det er ein embetsmann. Ved at tre og salt skal til hans majestet, er det difor naturleg at det er ein av kongens menn ved Ørlandet som gjer innkrevjinga. Det er tydleg at i denne saka blir ikkje ro og orden følgd av oppkrevjar. Supplikken ber om at deira bidrag av varer, og frakt av desse skal gå for seg på ein ryddig måte, og at loven skal føljast. Den siste av dei elleve supplikkane om handelsprivileger og

¹⁸² NHD Tillegg: 369

¹⁸³ NHD Tillegg: 337, 346 og 350-351

¹⁸⁴ NHD Tillegg: 350

¹⁸⁵ NHD Tillegg: 346

¹⁸⁶ NHD Tillegg: 337

¹⁸⁷ NHD Tillegg: 364

¹⁸⁸ H. Maaland, *Fra bispesete til borgerby. Stavanger 1530-1630*, Stavanger 1981: 102

¹⁸⁹ NHD Tillegg: 369

¹⁹⁰ NHD Tillegg: 341

rettighetar var enkelt og greitt om å få bruke sjællandske alen ved kjøp og sal, ikkje den norske.¹⁹¹

Klagane retta mot handelsprivileger, eller rettigheter kan forklaraast ut i frå allmugens moglegheit til å drive handel, og kva reglar det var for handelen. Rian påpeiker at utviklinga og veksten av ulike næringar, større og meir omfattande handel, og befolkningsauke gjorde at markedsmoglegheitane i Norge auka.¹⁹² Ulike handelssteder, byting av varer, og meir spesialisert produksjon gjorde at interaksjonen innanfor handel auka, og det samsvarar godt med kjeldematerialet. At heile elleve av dei 93 supplikkane tek opp ulike handelsprivileger gjev eit bilet av at bestemmelsar om handel, og ulike rettighetar var viktig for allmugen, og at brot med alt etablerte system ikkje vart akseptert hjå befolkninga.

Dei supplikkane om økonomiske privileger som ikkje var direkte mot handelsprivileger og rettigheter hadde variert innhald. Tre av desse supplikkane er retta mot borgarar. Ei sak klager «Offuer borgerne at feste jorderne fraa bønderne som liger nest byenn till derres aufflsgaarde, och iche med denom will gjørre lige tynge,». ¹⁹³ Borgarane tek seg til rette i henhold til bestemmelsar om eigedom, og det går utover bøndene. Ein anna supplikk klager på at borgarane, tollarane og kremmerane har bygd hus og våningar som gjev dei eit forsprang i handelen i området.¹⁹⁴ Den siste saka retta mot borgerane er at dei brukar jordene til bøndene, utan at dei vil hjelpe bøndene med noko.¹⁹⁵ Denne saka tek og opp at fiskelinjer ved fiskeri bør avskaffast. Samla for desse tre klagane er at dei er retta mot at borgarane tek seg til rette og utnyttar si stilling, ofte i form av brot på reglar om eigedom.

Til slutt kjem det nokre saker som er svært ulike. Snikkerlauget i Bergen ber om fagbrev i samsvar med det dei har i København.¹⁹⁶ Dei etterlevde av Hans Glad ber om å få nyte ulike privileger og rettigheter etter at Glad døydde,¹⁹⁷ mens borgarmeister og rådet i Bergen har i sin supplikk ulike ønskje retta mot ulike saker som har med borgarskapet å gjere.¹⁹⁸ Det er og ei anna sak frå borgermeister, rådet og borgarskapet i Bergen. Her ber dei om å få behalde

¹⁹¹ NHD Tillegg: 356-358

¹⁹² Rian 1995: 196-197

¹⁹³ NHD Tillegg: 361

¹⁹⁴ NHD Tillegg: 353-354

¹⁹⁵ NHD Tillegg: 358-359

¹⁹⁶ NHD Tillegg: 321-322

¹⁹⁷ NHD Tillegg: 356 NHD Tillegg, andre hefte 1972: 658: Hans Glad var lagmann på Opplanda, seinare i Bergen.

¹⁹⁸ NHD Tillegg: 362-363

pengar i visse årstider, samt spørsmål i forhold til blokhus og skansar utanfor byen.¹⁹⁹

Borgarskapet ved Bergen var aktive i innsending i supplikkar til Herredagen 1631, og ber i enda ein supplikk om at ingen brygger skal flyttas frå torget, samt at dei ber om at det fulle torget ved havna skal reingjerast.²⁰⁰ Det høge antallet supplikkar frå Bergen kan forklarast med at Herredagen skulle haldas i Bergen. Vidare ber Johan Johansson i sin supplikk om å få vere fri frå å betale til presten og kyrkja, og grunnar dette med at han og hans arvingar har fått kongens friheit.²⁰¹ Allmugen ved Nordfjord ber om lov til å bruke flomsager.²⁰² Den siste saka er frå kaptein Christen Rasmusson i Jemtland.²⁰³ Han ber i sin supplikk om hjelp til å gjenoppbygge garden han har fått bevilga av kongen, samt om å få nokre hestar årleg til å frakte varer hans hushald var avhengig av.

5.3 Betaling

Det var ikkje berre eideid og økonomiske privileger som vart teke opp i fleire av supplikkane. Heile sju saker tok opp ei eller anna form for betaling. Dei sju sakene om betaling i ei eller anna form hadde noko ulikt innhald, men alle sakene var om tilbakebetaling, enten til, eller av supplikksendar. Samlege av desse klagane, i likhet med dei om eideid, er alle individuelle. Den første saka er frå Nils Pedersson, som tidlegare var kyrkjeverje på hovudkyrkja i Overhalla. Etter det siste leverte rekneskap vart Pedersson skuldig pengar. I supplikken er det tydleg at Pedersson har eit ønskje om å betale tilbake det han vart skyldig, men at han vil sleppe å betale renta på summen som skal tilbakebetalast. Grunnen til at han vil sleppe å betale renta er: «komb der en flygende storumb saa der kom jldt wdj thierenn for migh och opbrende thre tønder thiere huilkedt jeg medt all almugen her vdj gielidt kandt beuiße saa thilgik:». Denne tjæra som brende opp skulle vere Pederssons rentebetaling, og nå som den har brent opp vil han sleppe å betale renta.

¹⁹⁹ NHD Tillegg: 369

²⁰⁰ NHD Tillegg: 370

²⁰¹ NHD Tillegg: 367

²⁰² NHD Tillegg: 360 Flomsager er sagbruk i eit vassdrag, som har så liten vannføring at dei berre kan drives i flomtid. Henta frå 08.03.16 frå: Norsk historisk leksikon. *Flomsager*

<https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Flomsag>

²⁰³ NHD Tillegg: 332-333

²⁰⁴ NHD Tillegg: 310-311

Det er to saker om betaling for utført arbeid. Den eine er utført arbeid av ingeniør M. Albrett på festningen ved Christiania, som ber om betaling for dette arbeidet på festningen.²⁰⁵ Den andre saka klager på dårleg betaling i form av smått tømmer, for å ha «wdborged en deell kornn til bønderne».²⁰⁶ Båe desse klagane klager på betaling for utført arbeid, den eine på for dårleg betaling, mens den andre supplikken ber om betaling for arbeidet som er utført på festningen. Det er og ei sak om betaling av 100 riksdaler til kongen.²⁰⁷ Vidare er det ei sak om tilbakebetaling, men her for utlegg.²⁰⁸ I denne supplikken har Regimunt Frisk, forstandaren ved fattighuset, lagt ut 300 daler for sjuke båtsmenn. Desse pengane treng han sårt, sidan fattighuset ikkje har nokon pengar å miste. I supplikken ber han difor om å få tilbakebetalt utleget. Den nest siste saka er frå Sunnfjord, der supplikksendar ber om eigedom i betaling for å ha levert sølv til fogden Nils Busch.²⁰⁹

Den siste saka om betaling er ei interessant sak frå Sallvor Romb i Lister len.²¹⁰ Supplikken fortel at allmugen ved lenet skulle hogge tømmer til ei grevinne. Når skipet skulle hente tømmeret, var ikkje alt tømmeret frakta til stranden. Dette førte til at Sallvor Romb vart anholdt i skipet, og måtte betale 200 riksdaler. Denne saka er spennande, grunna at Sallvor Romb vart anholdt på båten og tvunge til å betale. Kven som tvang han, kjem ikkje fram, men det er truleg at kapteinan spelte ei sentral rolle i utpressinga. Sallvor Romb ber i supplikken «att hannom maate forhielpes till sin betalling, och beschermelßebreff at hand sin rett kunde søge, foruden frøgt och fare:». ²¹¹ Ordlegginga på slutten av supplikken vitnar truleg om frykt for dei på skipet som pressa han for pengar. Difor har han gått vegen gjennom rettssystemet, for å få hjelp til å få tilbakebetalt dei 200 riksdalane han måtte gje til skipet for tømmeret som ikkje var frakta til stranda til rett tid.

²⁰⁵ NHD Tillegg: 368

²⁰⁶ NHD Tillegg: 365

²⁰⁷ NHD Tillegg: 365-366

²⁰⁸ NHD Tillegg: 366

²⁰⁹ NHD Tillegg: 354

²¹⁰ NHD Tillegg: 370

²¹¹ NHD Tillegg: 370

5.4 Lovbrot

I supplikkmaterialet til Herredagen 1631 var det sju saker om ulike lovbroter. Alle desse supplikkane var individuelle og omhandlar drap eller incest. Samla kan ein seie at desse supplikkane ber om benåding, eller at dommen skal bli gjort om. Supplikksendar fremmar ofte uskyld, enten på vegne av seg sjølv eller for den som har utført lovbroret.

Alle sakene om incest er om omgang med personar som er for nært slekta. Jon Pedersson har vore med sitt søskenbarn,²¹² mens Helle Hogendorf «haffuer besoffued hans throloffede festemøe».²¹³ På 1600-talet var det i teorien strengt ulovleg å gå til sengs med den trulovde før dei var via.²¹⁴ Dette har også Kari Telste påpeikt i sitt arbeid med kontrollen av seksualitet i Ringeriket og Hallingdal 1652-1710.²¹⁵ Telste vektlegg blant anna ære som eit viktig begrep for samfunnets forhold til seksualitet. Ære og status var grunnlaget for seksuell oppførsel, både for mann og kvinne. Æresbegrepet definerte forpliktelsar og var både for mannen og kvinnen. Problema låg ikkje i omgangsformane, nattefrieriet eller soveskikkane, men meir i konsekvensane av desse. Eksempelvis var det i praksis ikkje noko problem å ha samleie med sin trulovde utan å vere gift. Problema kom heller viss trulovinga vart brote, og det kom fram at det hadde vore seksuell kontakt.²¹⁶

Vidare i supplikkmaterialet kjem det fram at Samuel Pedersson har rota med tenestepika, som det i ettertid kom fram at var for nært beslektet.²¹⁷ Den siste saka om incest er av spennande art, og eg vil difor ta med heile supplikken som er oppsummert frå Herredagen.

*«Rasmus Strangeland beretter wnderdanigst at haffue besoffued et quindfolch som waar hannom i tredie led beslegted, huilchenn quinde for dene och anden hinden forþeelþe er henrettet, och hannd der offuer er rømbt, och suplicerer att maatte nyde sin fred:».*²¹⁸

I denne saka har Rasmus Strangeland altså vore til sengs med sin tremenning. Tremenningen har vorte henretta for dette og andre lovbroter. Strangeland, som har rømd, ber nå om å få nyte sin fred. Blodskam, eller incest var svært ulovleg på 1500- og 1600 talet. Som Rian fortel i

²¹² NHD Tillegg: 365

²¹³ NHD Tillegg: 366

²¹⁴ Rian 1995: 212

²¹⁵ K. Telste, *Mellom liv og lov*, Oslo 1993

²¹⁶ Telste 1993: 221-224

²¹⁷ NHD Tillegg: 371-372

²¹⁸ NHD Tillegg: 366

Aschehougs Norgeshistorie: «Hor, blodskam og andre brennemerkeide seksuelle avvik ble straffet med forvisning, eller endog med døden».²¹⁹ Det var tydleg at incest var ei streng anklage å få over seg, noko dei fire supplikkane vitnar om. Svært nærme slektskapsforhold, mellom far-dotter, besteforeldre-barnebarn eller mellom søsken, vart så strengt straffa at samleie førte til dødsstraff. Incest i mindre grad, eller fjernare slekt, som og var ulovleg, førte til landsforvising og konfiskasjon av formue.²²⁰ Det er difor tydleg at incest var svært lite tolerert i samfunnet på 1600-talet, og supplikkane vitnar og om at straffene var strenge i praksis.

Incest var ikkje det einaste lovbrotet som gjekk igjen i supplikkane frå Herredagen 1631, det var også tre saker om drap. Den første av drapssakene er frå Bernt Knutsson og andre, som sender supplikken på deira brors vegne, som «for nogen tiid for mandrab schall werre dømblt fredløs, att hannd igien for billig sagning maatte komme till sin fred».²²¹ Her ber familien for deira brors fred, og at han skal sleppe å vere fredlaus. Den andre supplikken går som følger: «Jenns Rasmussenn beretter at haffue drebt en wed nauffnn Suennd Houge, begierer sagen at maatte afftinges».²²² Her vil Jens Rasmusson at hans sak skal bli kansellert, med ukjent grunnlag. Det kan verke som at han erkjenner drapet, men meiner at det ikkje var eit lovbro. Den tredje og siste saka er frå Maren Knutsdatter, og er påmannens vegne. Mannen hennar er dømt for drap, og utan lovleg prosess henretta. Maren Knutsdatter ber om at saka skal bli teke opp igjen.²²³ Det som er likt for dei tre supplikkane om drap er at alle er på vegne av drapsmannen, som enten er drepe, dømt fredlaus, eller står for drapet sitt.

Å bli dømt for drap var ei streng straff på 1500- og 1600 talet. I Danmark vart det i 1558 bestemd at ein drapsmann skulle bøte med livet. Denne lova vart meir og meir brukta i Norge utover 1600-talet. I Kristian 4.s Norske Lov frå 1604 hadde kongen bestemd at drapsmenn kunne gjere opp for seg ved bøter når dei hadde drepe ved uhell eller i nødverje.²²⁴ Som med sakene om incest, vitnar og sakene om drap om alvorlegheita i straffesystemet, og at å bli dømt for drap var svært alvorleg.

²¹⁹ Rian 1995: 113

²²⁰ Rian 1995: 212

²²¹ NHD Tillegg: 353

²²² NHD Tillegg: 355

²²³ NHD Tillegg: 366

²²⁴ Rian 1995: 218-219

5.5 Andre saker

Til slutt er det tre saker eg ikkje har klart å plassere under nokon av dei kategoriane eg har laga meg. Desse passa ikkje inn dei tidlegare drøftingskapitla og blir difor kort omtala her. Den eine var ein supplikk frå meinige lagmenn i Norge, som ber om ulike forklaringar på den norske lov og ulike bestemmelser knytt til deira embete.²²⁵ Allmugen i Sunnfjord hadde fleire punkt i deira supplikk, blant anna «Begiere copier aff hanns mayts schatte breffue, naar de for denom bliffuer publicerit,». ²²⁶ Dei ber her enkelt og greitt om ein kopi av skattebrevet. Den siste saka er ei ærekrenking, der Tor Torsson klagar på Maurits Busch, som i ei eller anna sak har gjort noko ulovleg mot Torsson.²²⁷ Torsson meinar at han ikkje er skuldig i påstandane til Busch, og ber om å bli frikjend frå den aktuelle saka.²²⁸

5.6 Oppsummering andre saksforhold

I dette altomfattande kapitlet om andre saksforhold har eg teke for meg sakene som ikkje vart plassert under kapitla om embetsmenn og statens krav. Grunna omfanget, og saksinnhaldet i desse supplikkane, har dei vorte delt inn i ulike kapittel som er drøfta kvar for seg. Av dei 93 supplikkane som vart sendt inn til Herredagen 1631, var tolv av dei om eigedom. Dei hadde ulikt innhald, men alle tek opp eigedomsrett på jord eller gardar. Samtlege av supplikkane retta mot eigedom er individuelle, og dei tre supplikkane frå Jemtland, er av spesiell interesse grunna deira forhistorie om konfiskering av odelsgods. Uviljen blant det jemtske bondesamfunn til å lystre kongens ordre i krigstid, førte til konfiskering av odelsgods og utgjer grunnlaget for klagane og bønene retta mot eigedom frå Jemtland. Dei resterande ni supplikkane har ulikt innhald, og handlar om alt frå ulike spørsmål om eigerett på gard/jord, om ulike overtredelser, til ønskje om å drive gard etter benåding. Alt i alt kan dei tolv sakene om eigedom gje eit bilet av kor viktig gardar og jordeigedom var for allmugen i Norge på 1600-talet.

²²⁵ NHD Tillegg: 370-371

²²⁶ NHD Tillegg: 364

²²⁷ NHD Tillegg, andre hefte 1972: 650: Maurits Busch var ein borgar i Bergen.

²²⁸ NHD Tillegg: 358

I supplikkmaterialet til Herredagen i 1631 var det 20 supplikkar som tok opp ulike økonomiske privileger. Desse var i stor grad kollektive og sendt frå større grupper. Ellev av dei 20 supplikkane tok opp ulike handelsprivileger eller rettighete. Desse var i stor grad retta mot oppretthalding av ulike privileger, eller klager som braut med handelsrettighetene. Det var framande, borgarar eller utlendingar som ofte vart anklaga får å bryte med handelsrettighetene. Dei siste sakene som tok opp økonomiske privileger er ulike, og ber enten om ulike særrettigheter eller spesielle ønskje for deira næringsdrift eller område.

Under andre saksforhold kom det og sju saker om betaling, og sju saker om lovbro. Alle desse 14 supplikkane er individuelle og har eit svært konkret ønskje. Dei sju sakene om betaling er ofte i form av tilbakebetaling i ei eller anna form, enten for utført arbeid eller utlegg. Dei sju sakene om lovbro ber om benåding eller at dommen skal bli gjort om. Blant lovbroa som vart utført var det fire saker om incest, og tre om drap. Desse 14 sakene viser eit bilet av personlege problem allmugen hadde i på 1600-talet. Lovbro som incest og drap vart strengt straffa på 1600-talet, og dannar grunnlaget for ønskja om benåding eller omgjort dom. Sakene om ulike former for betaling viser at personlege økonomiske forhold vart teke på alvor. Det er interessant at så mange saker om personlege forhold og lovbro går heile vegen til Herredagen.

Til slutt er det og interessant å sjå at så mange supplikkar som kom inn til Herredagen i 1631 er frå Bergen. Som tidlegare nemnd hadde befolkninga i Bergen mange forespørslar og klager angåande økonomiske privileger. Ser ein på det samla kjeldematerialet kjem det fram ni ulike supplikkar frå Bergen, der sju er kollektive klagar, mens to er individuelle. Mens andre kollektive klagar tek opp mange ulike punkt, og difor har ein samla supplikk med mange forespørslar, har allmugen i Bergen sendt inn mange ulike supplikkar. Det er difor truleg at supplikksendarane er ulike, og at Bergen hadde fleire ulike grupper, som hadde forskjellige ønskje som gjekk heile vegen til Herredagen. Grunnen til at det er sendt så mange klager frå Bergen er nok så enkel som at Herredagen skulle haldas i Bergen. Difor kom det inn fleire klager frå befolkninga, som hadde ulike ønskje og forespørslar.

Kapittel 6. Avslutning

Etter å ha sett på supplikkmaterialet til Herredagen 1631, skal eg nå prøve å samle trådane og trekke nokre konklusjonar. Eg skal først oppsummere det empiriske resultata, altså innhaldet i kjeldematerialet. Vidare skal eg prøve å løfte resultata opp og sjå dei i samanheng med interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge. Konklusjonen vil ta utgangspunkt i dei tre spørsmåla eg stilte innleiingsvis; Kva var innhaldet i supplikkane? Kven sendte supplikkane? Kva vart etterspelet av Herredagen i 1631?

Kva var innhaldet i supplikkane? Bondemotstanden og supplikkane var i stor grad retta mot staten og statens representantar. Det var flest klagar retta mot statens embetsmenn med fogdane i spissen. Forutan fogdane var det også fleire klagar retta mot lagmenn og uspesifiserte ombodsmenn. At statens embetsmenn fekk eit så stort antall klagar mot seg illustrerer eit forvaltningssystem som ikkje fungerte optimalt. I supplikkane kjem det fram at embetsmenna hadde teke seg til rette og utnytta embetet for eiga vinning. Det vitnar om at den statlege kontrollen ikkje var god nok i forhold til kontrollen av embetsmenna. Som det kom fram i supplikkane, var det embetsførselen som vart klaga på, ikkje embetet i seg sjølv. Det verkar difor som folket forstod embetsplikta, men klaga over uryddig førsel. Interessant er det og at det ikkje var ei einaste klage retta mot lensherrane i Norge. Kanskje var dei med å prega kva saker som kom vidare frå tinga, eller så er det og mogleg at lensherrane faktisk hadde ein ryddig embetsførsel, og at problema heller var knytt til deira løpargutar, ombodsmenn og fogdar. Det var få saker retta mot geistligheten, som kan vitne om at presteskapet var godt inkludert i lokalsamfunna rundt omkring i det norske land.

Nest etter klager retta mot embetsmenn var det og ein stor del av supplikkmaterialet som klaga på statens krav. Her klaga allmugen på ulike skatter og avgifter, pliktarbeid og militære tenester. Med andre ord tok allmugen opp fleire ulike statlege krav som tynga folket i perioden. Dette kan forklarast utifrå tyngre skattetrykk, større krav om militære tenester og eit generelt auke i kva staten forlanga at nordmenn skulle bidra med på starten av 1600-talet. Ein aktiv krigspolitikk i perioden førte til større krav om militær deltaking frå nordmenn, samt eit auka skattetrykk for meir pengar i statskassa. Allmugen var tydleg misnøgd med dei aukande krava frå staten, og uttrykker det ettertrykkeleg i supplikkmaterialet. Dei ønskja spesielt å betale mindre skatter og avgifter, samt å sleppe unna ulike militære tenester og pliktarbeid.

Under «andre saksforhold» vart det teke opp fleire klagar/ønskje i supplikkane. Flest av dei var retta mot økonomiske privileger, der det ofte var større grupper som sendte ein supplikk der dei blant anna ønskjer å behalde visse økonomiske privileger, ofte i form av handelsprivileger eller særavtalar. Desse sakene vitnar om eit samfunn som var oppteke av å vedlikehalde eldre privileger, og unngå forandring som gjekk ut over desse tradisjonane. Forutan supplikkar retta mot økonomiske privileger var det fleire supplikkar som tok opp eigedom, betaling eller lovbro. Desse sakene hadde eit meir personleg aspekt, og ofte eit konkret ønskje i forhold til eigedom, tilbakebetaling eller omgjering av ei dom for lovbro. Sakene vitnar om at personlege forhold vart teke på alvor ved at så mange saker gjekk vegen til Herredagen. Forutan problema med embetsmenn og statlege krav, vitnar desse sakene om private problem som enkeltmenneske på 1600-talet sleit med.

Kven sendte supplikkane? I supplikkmaterialet frå Herredagen 1631 var det ei ganske jamn fordeling mellom individuelle og kollektive supplikkar. Med 49 kollektive og 44 individuelle supplikkar kan ein konkludere med at både større grupper, samt enkeltpersonar, brukte supplikkinstitusjonen aktivt for å fremme sine klager/bøner. Rettskulturen la med andre ord til rette for at både grupper og enkeltpersonar skulle komme gjennom med deira problem og klager. Dei kollektive klagane var i stor grad retta mot statens krav eller økonomiske privileger. Nesten samtlege av klagane retta mot statens krav og økonomiske privileger var kollektive. Dette fortel at større grupper gjekk saman får å klage på staten eller ytre ønskje om oppretthaldning av privileger. Det var truleg meir kraftfullt å klage på endring i privileger, eller statlege krav når ein stod samla som ei større gruppe.

I klagane retta mot embetsmenn var det ei ganske jamn fordeling mellom individuelle og kollektive klagar. Det verkar difor som at ulike embetsmenn gjorde overtramp, både mot større samfunn og enkeltpersonar. At lagmann og fogdar klarte å få enkeltpersonar mot seg grunna deira uryddige embetsførsel er lite overraskande. Men at større grupper gjekk saman for å skrive kollektive klagar retta mot enkelte embetsmenn, fortel ei historie om at nokre embetsmenn verkeleg utnytta si stilling på fleire plan. Dei individuelle klagane som ikkje var retta mot ulike embetsmenn tok stort sett opp lovbro, betaling eller eigedom i sin supplikk. Individuelle supplikkar var difor meir retta mot personlege forhold, der problem eller ønskje i forhold til eigedom eller tilbakebetaling var vanleg. Det var og eit større antall klager som tok opp dommar angåande incest eller drap, og det var ønskje om at desse dommane vart gjort om. Stordelen av dei individuelle klagane hadde berre ei konkret klage/bønn i deira supplikk.

Det er interessant å sjå at kvinna er godt representert som supplikksendar. Av dei 93 supplikkane som vart sendt til Herredagen i Bergen 1631, var ni av dei frå kvinner. Desse supplikkane hadde ofte eit meir personleg ønskje i deira bøn. Eigedom var ein gjenganger, saman med supplikkar om lovbro. Kvinnene klaga på urett tap av eigedom, eller ønskje om at saker om incest eller drap, utført av deira ektemenn, skulle takast opp på nytt. Det er difor truleg at desse kvinnene var hushaldsoverhovud i deira familie.

Av geografiske funn var ofte oppsamlingane knytt til ulike embetsmenn. Ein ser at det er fleire klagar frå både Nordmøre, retta mot Baltser Karre, og frå Agdesida, retta mot Mikel Hansson. Desse supplikkane vitnar om at embetsmenn med svært uryddig embetsførsel klarte å få fleire, både grupper og enkeltpersonar, til å sende inn eit større antall klager retta mot seg. Det var og ei tydleg oppsamling frå Bergen og omegn. Forklaringa er nok så enkel som at Herredagen skulle haldas i Bergen i 1631, og at det difor var meir aktuelt å sende inn klagar for dei i nærleiken.

Kva vart etterspelet av Herredagen i 1631? Etterspelet etter Herredagen i 1631 var ein viktig del av motivasjonen for å ta fatt på undersøkinga av kjeldematerialet. Det store antallet klagar som kom inn til Herredagen, samt innhaldet i desse, vitnar om ein statsadministrasjon og eit rettsapparat som ikkje fungerte optimalt. At så mange klager tok opp statlege krav og statens embetsmenn, gjev eit inntrykk om stort forbedringspotensial. På stordelen av supplikkmaterialet er det gjeve svar frå kommissærane under kvar av supplikkane som er oppsummert. Desse svara er med å gjev eit bilet av korleis klagane vart behandla. I supplikkane som sendte ønskje om skattelettelse vart det ofte henvist til lovboekene. Skattene og dei ulike avgiftene skulle oppretthaldast, og det var lite rom for forskåning. I nokre få saker fekk supplikksendar forskåning, blant anna fekk fleire av supplikksendarane sleppe bidrag til orlogsskip. Mange supplikkar klaga på ulovlege forhold, blant anna i forhold til handel og eigedom. I svara til desse supplikkane var det skreve at handlingar ikkje skulle gå utover det lovlege.

Det som kanskje var mest påfallande i behandlinga av supplikkane var at så mange av dei skulle bli behandla lokalt, av lensherren. Nesten samtlege av sakene retta mot embetsmenn, og der noko ulovleg hadde føregått, fekk lensherren arbeidet med å undersøke forholda og hjelpe supplikksendar. Med andre ord verkar det som stordelen av klagane/bønene vart sendt tilbake og behandla lokalt. Sjølv om ein del av sakene om lovbro hadde fått ein klart avslag

på deira bøn, verkar det som om stordelen av problema i supplikkane vart sendt tilbake så lensherren skal ordne opp. Svara på supplikkane kan gjenspeile eit system der stordelen av klagane og bønene burde vore behandla lokalt. Dette kan vere ein av årsakene til at det vart sett i gang fleire prosessar utover 1630-talet.

Harald A. Nissens arbeid med Bjelkekommisjonen vitnar om at det vart sett i gang viktige prosessar etter Herredagen i Bergen i 1631. At sentralmakta sette i gong prosessar for å rydde opp i eigen administrasjon er eit viktig poeng, både hjå Nissens arbeid med Bjelkekommisjonen, samt Steinar Imsens arbeid med ad hoc-kommisjonar. Kommisjonane hadde i stor grad i oppgåve å rette opp i statsadministrasjonen og embetsførselen rundt om kring i Norge. Staten var i perioden avhengig av inntektene frå skattane og leigeinntektene deira. Difor var dei og avhengig av at dei som kravde inn pengane gjorde jobben sin. Som Sverre Steen har påpekt skulle folket gjere det staten bad om, men staten skulle og sørge for at embetsmenna ikkje utnytta allmugen. Steen og Supphellen har påpekt endringane i lovane utover 1630-talet for å effektivisere supplikkinstitusjonen. Würgler og Kümin har også konkludert i deira arbeid med at supplikkar og allmugens ønskje kunne føre til lovendring. Ein ser utover 1630-talet at det vart gjort fleire lovendringar for å effektivisere rettssystemet og for å få rydda opp i supplikkinstitusjonen. Det store antallet klagar og innhaldet i Herredagen i 1631, kan truleg vere ein viktig årsak til dette.

Det overordna tema for mi undersøking var interaksjon mellom sentralmakt og allmuge. Målet var å undersøkje kva allmugen klagar på, om dei klagar kollektivt eller individuelt, samt å sjå om staten vart påverka av desse klagane. Som både Rian og Steen har nemnd, var København langt frå det norske riket. Maktønskje i sentralmakta var av naturlege grunnar stort, men det var vanskelegare å utøve denne makta. Difor er det truleg at supplikkinstitusjonen var ein kanal som staten brukte aktivt i å få innsikt i deira administrasjon og styret av Norge. Denne kanalen gjorde moglegheita for kommunikasjon og interaksjon til stade mellom allmuge og sentralmakt. Den gav informasjon om ulike problem, samt at det var ønskeleg for staten at folk brukte ein lovleg kanal, ikkje valdeleg motstand. Det verkar difor som interaksjonen mellom sentralmakt og allmuge var viktig for både partar. Både Blickle og Österberg har påpekt at sentralmakta var interessert i informasjonen som supplikkar og andre lovlege kanalar til folket gav. Denne informasjonen gav innsikt i deira embetsmenn, og kva problem og utfordringar folket hadde. Supplikkinstitusjonen var difor ein regulert instans som staten brukte aktivt, både for å få innsikt i eiga problem, men og å la

klagane og misnøya gå ein lovleg og kontrollerbar veg. Det var klare føringar for supplikkane, og dei skulle ha eit formål for sentralmakta.

Antallet kollektive og individuelle supplikkar vitnar om ein rettskultur både for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Som fleire av dei skandinaviske forskarane har påpeikt, var både grupper og enkeltpersonar aktive i interaksjonen med sentralmakta. Mens Würgler har sett meir på individuelle supplikkar i ein europeisk samanheng, ser ein at det i Norge på 1600-talet og var ein kultur for å sende inn klager/bøner i større grupper. Denne kulturen vitnar om ein rettskultur på eit lokalt plan, der grupper samla seg i møtet med staten gjennom den lovlege supplikkinstitusjonen. At staten tillot grupper å sende inn deira klagar vitnar om eit ønskje om innsikt i befolkningas utfordringar. Hand i hand med statsutviklinga på 1600-talet var det viktig å ha ein viss oversikt over korleis endringane påverka den norske befolkninga. I dette arbeidet var supplikkinstitusjonen eit viktig ledd, noko Herredagen i 1631 vitnar om.

Til slutt er det viktig å få fram at det var mykje å klage over for allmugen. Både omfanget og innhaldet i Herredagen 1631 vitnar om stor misnøye retta mot fleire aspekt ved sentralmakta sin administrasjon. Sjølv om staten var interessert i eigne svakheiter, og allmugen benytta seg av moglegheita til å klage, avdekkja supplikkmaterialet omfattande utfordringar, både for allmugen, samt sentralmakta. Supphellen og Steen fortel at det vart utvikla ulike retningslinjer for supplikkinstitusjonen utover 1630-åra. Det er difor truleg at sentralmakta tykte omfanget av supplikkane sendt til Herredagen i 1631 var for stort. At det vart sett i gang tiltak viser at utfordringane vart teke på alvor. Kommisjonsarbeid vart sett i gong for å rydde opp i deira administrasjon, samt nye retningslinjer vart utforma for å effektivisere supplikkinstitusjonen.

Appendiks

Forkortinger

NHD Tillegg: Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1.-4.rekke

NHD Tillegg, andre hefte: Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1.-4.rekke, andre hefte

NHL: Norsk Historisk Leksikon

Kjelder

Grønli, Oddvar (utg.), *Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1.-4.rekke*, Oslo 1966

Grønli, Oddvar (utg.), *Norske Herredags-Dombøger, Tillegg til 1.-4.rekke, andre hefte*, Oslo 1972

Hallager, Fr. og Braandt, Fr. (utg.), *Kong Christian den fjerdes norske Lovbog af 1604*, Oslo 1981

Hamre, Anne-Marit (utg.), *Trondhjems reformats 1589 Oslo domkapittels jordebok 1595*, Oslo 1983

Litteratur

Andresen, Espen, *Landskap og maktstat*, Östersund 2000

Bickle, Peter (red.), *Resistance, representation and community*, New York 1997

Bickle, Peter, Ellis, Steven og Österberg, Eva, «The Commons and the State: Representation, Influence, and the Legislative Process» i Bickle, Peter, *Resistance Representation and community*, 1997: 115-153

Bromé, Janrik, *Jamtlands och Härjedalens historia. Andre delen 1537-1645*, Stockholm 1945

Fladby, Rolf, *Fra Lensmanntjener til Kongelig Majestets foged*, Oslo 1963

Fladby, Rolf, *Norges Historie. Gjenreisningen*, Oslo 1977

Fladby, Rolf, Imsen, Steinar og Winge, Harald, *Norsk Historisk Leksikon*, Oslo 1974

Gjersvoll, Steinar, *Sagbruk i Orkdal 1610-1635*, Masteroppgåve Trondheim 2015

Jørgensen, Hans-Jørgen, *Det Norske Tollvesens historie. Fra middelalderen til 1814*, Oslo 1969

Hagen, Rune Blix, *Dei europeiske trolldomsprosessane*, Oslo 2007

Imsen, Steinar, *Norsk bondekomunalisme, frå Magnus Lagabøte til Kristian Kvart Del 1: Middelalderen*, Trondheim 1990

Imsen, Steinar, *Norsk bondekomunalisme, frå Magnus Lagabøte til Kristian Kvart Del 2: Lydriketiden*, Trondheim 1994

Imsen, Steinar, «Norske ad hoc-kommisjoner i forvaltning og politikk under Christian IV» i Imsen, Steinar og Sandvik, Gudmund (red.), *Hamarspor*, Oslo 1982: 131-144

Imsen, Steinar, «Over bekken etter vann eller historien om den tyske bondekomunalismen som hjelp til selvhjelp» i *Historisk tidsskrift*, 1989: 166-183

Imsen, Steinar og Vogler, Günter, «Communal Autonomy and Peasant Resistance in Northern and Central Europe» i Bickle, Peter, *Resistance Representation and community*, 1997: 5-43

Koht, Halvdan, *Norsk Bondereising, Fyrebuing til bondepolitikken*, Oslo 1926

Maaland, Harald, *Fra bispesete til borgerby. Stavanger 1530-1630*, Stavanger 1981

Moseng, Ole Georg, Opsahl, Erik, Pettersen, Gunnar I. og Sandmo, Erling, *Norsk historie 1537-1814*, Oslo 2003

Njåstad, Magne, *Bondemotstand i Trøndelag ca. 1550-1600*, Hovudoppgåve i historie, Trondheim 1994

Nissen, Harald A., *Bondemotstand og Statsmodernisering*, Hovudoppgåve i historie, Trondheim 1996

Næss, Hans Eyvind, *Med bål og brann. Trolldomsprosesser i Norge*, Stavanger-Oslo-Bergen-Tromsø 1984

Rian, Øystein, *Sensuren i Danmark-Norge*, Oslo 2014

Rian, Øystein, *Den nye begynnelsen. Aschehougs Norgeshistorie*, bd.5 Oslo 1995

Steen, Sverre, *Det norske folks liv og historie*, Oslo 1935

Stoa, Nils Johan, «Noen synspunkter på fogdeinstitasjonen i Norge fra reformasjonen til 1630-årene» i *Historisk tidsskrift*, 1983: 269-286

Supphellen, Steinar, «Supplikken som institusjon i norsk historie. Framvokster og bruk særlig først på 1700-tallet» i *Historisk tidsskrift*, 1978: 152-186

Telste, Kari, *Mellom liv og lov*, Oslo 1993

Würgler, Andreas, «Voices From Among the «Silent Masses»: Humble Petitions and Social Conflicts in Early Modern Central Europa» i *International Review of Social History*, 2001: 11-34

Würgler, Andreas og Kümin, Beat, «Petitions, Gravamina and the early modern state: local influence on central legislation in England and Germany (Hesse)» i *Parliaments, Estates and Representation*, 1997: 39-60

Österberg, Eva, «Bönder och centralmakt i det tidigmoderna Sverige. Konflikt-kompromiss-politisk kultur» i *Scandia*, 1989: 73-95

Österberg, Eva og Sogner, Sølvi (red.), *People meet the law*, Oslo og Lund 2000

Internettkjelder

Bratberg, Terje (2015, 21. april) *Jens Bjelke*, i Norsk biografisk leksikon. Henta 22. april 2016 frå: https://nbl.snl.no/Jens_Bjelke

Fossen, Anders Bjarne (2009, 13. februar) *Oluf Parsberg Til Jernit Og Palstrup*, i Norsk biografisk leksikon. Henta 04. mai 2016 frå:

https://nbl.snl.no/Oluf_Parsberg_Til_Jernit_Og_Palstrup

Gausdal, Ranveig (2009, 13. februar) *Christoffer Urne*, i Norsk biografisk leksikon. Henta 22. april 2016 frå: https://nbl.snl.no/Christoffer_Urne.

Lillevold, Hanne (2012, 5. januar) *Kontrafeier*, i Norsk historisk leksikon. Henta 08. mars 2016 frå: <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Kontrafeier>

Munch-Møller, Marthe Glad (2009, 23. november) *Lagmannstoll*, i Norsk historisk leksikon. Henta 11. mars 2016 frå: <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Lagmannstoll>

Munch-Møller, Marthe Glad (2009, 2. oktober) *Degnepenger*, i Norsk historisk leksikon. Henta 14. mars 2016 frå: <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Degnepenger>

Munch-Møller, Marthe Glad (2009, 23. oktober) *Flomsager*, i Norsk historisk leksikon. Henta 08. mars 2016 frå: <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Flomsag>

Nygård, Trond (2015, 31.mars) *Salpeter*, i Norsk historisk leksikon. Henta 11. februar 2016 frå: <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Salpeter>

Rian, Øystein (2009, 13. februar) *Jens Juel*, i Norsk biografisk leksikon. Henta 23. april 2016 frå: https://nbl.snl.no/Jens_Juel

Tolgensbakk, Ida (2009, 18. september) *Ombudsmann*, i Norsk historisk leksikon. Henta 11. mars 2016 frå: <https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Ombudsmann>

Ukjent forfattar (2011, 18. juli) *Christoffer Ulfeldt*, i Dansk biografisk leksikon. Henta 15. mars 2016 frå:

http://denstoredanske.dk/Dansk_Biografisk_Leksikon/Samfund,_jura_og_politik/Myndigheder_og_politisk_styre/Rigsr%C3%A5d/Christoffer_Ulfeldt